

# NISSEDAL KOMMUNE



ÅRSMELDING 2018

**Innhold:****Årsberetning**

1	Innleiing .....	s. 3
2	Organisering av kommunen (politisk og administrativ).....	s. 4
2.1	Organisasjonskart .....	s. 4
2.2	Politisk organisering .....	s. 5
2.3	Administrativ organisering .....	s. 5
2.4	Interkommunalt samarbeid .....	s. 6
3.	Investeringsrekneskapen .....	s. 7
4.	Driftsrekneskapen .....	s.12
5	Balansen .....	s.20
5.1	Gjeld.....	s.20
5.2	Arbeidskapital .....	s.20
5.3	Utestående fordringar .....	s.20
5.4	Fond .....	s.22
6.	Rapport - Finansforvaltning.....	s.22
7.	Likestilling .....	s.24
7.1	Kjønnsfordeling .....	s.24
7.2	Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid .....	s.24
7.3	Lønsnivå .....	s.25
7.4	Stillingsbrøk .....	s.26
7.5	Vidareutdanning – kompetanseheving .....	s.26
7.6	Etnisitet og nedsett funksjonsevne .....	s.26
8.	Fråvær .....	s.27
9.	Etisk standard .....	s.27
10.	Årsverk/løn/revisjon .....	s.27
11.	Vurdering av økonomisk situasjon/utvikling.....	s.28
12.	Aktivitetsnivået på utvalde område .....	s. 29

**Handlingsprogram - rapportering**

13.	Måloppnåing og gjennomføring av tiltak jf. kommuneplan & handlingsprogram .....	s.30
13.1.	Sentral leing.....	s.31
13.2.	Fellestenesta .....	s.33
13.3	Andre stabsfunksjonar .....	s.34
13.3.1.	IKT .....	s.34
13.3.2	Næring .....	s.35
13.4	NAV .....	s.37
13.5	Andre interkommunale samarbeid.....	2.39
13.5.1.	Interkommunalt landbrukskontor for Nissedal og Kviteseid .....	s.39
13.5.2.	Kommunerevisjonen og kontrollutvalgssekretariatet .....	s.40
13.5.3.	Renovasjon .....	s.41
13.5.3.	Vest-Telemark brannvernsamarbeid .....	s.41
13.6.	Eining for skule .....	s.42
13.7.	Eining for barnehage .....	s.47
13.8.	Eining for kultur .....	s.51
13.9.	Eining for helse og habilitering .....	s.56
13.10.	Eining for omsorg .....	s.59
13.11.	Eining for teknisk drift .....	s.63
13.12.	Interkommunalt plankontor for Nissedal og Kviteseid .....	s.67

## 1. Innleiing

Budsjettet for 2018 blei vedteke med eit negativt netto driftsresultat på 5,4 mill. (-2,94%) Dette er godt under nasjonal målsetning på 1,75%. Ein vesentlig forklaring til dette negative resultatet er bruk av fond innan sjølvkostområde VA, med omlag 3 mill. Men sjølv ved å korrigere for dette var netto driftsresultat på -1%. Budsjettet var gjort opp med bruk av disposisjonsfond på 2 mill. Rekneskapen for 2018 er gjort opp med negativt netto driftsresultat på 1,1 mill. (-0,6%), men med eit mindreforbruk på 4,5 mill. Rekneskapen synte bruk av fond på 1,9 mill. innan VA. Ved å ta omsyn til dette har kommunen eit netto driftsresultat på 0,8 mill. (0,4%). Men sjølv ved å prøve å eliminere effekten av fondsbruk innan VA, er netto driftsresultat for 2018 dårlegare enn for 2017 då dette var 2,2%. Bakgrunnen for denne negative utviklinga og mindreforbruket vil ein utdjupe under rekneskapskommentarane.

Nissedal har over tid hatt ein positiv auke i folketalet. 31.12.18 var det busett 1.476 personar i Nissedal, som er ein nedgang på 13 personar sidan 31.12.17. Dette utgjør ein nedgang i folketalet på 0,9%. Ein har nå på same nivå som ved utgangen av 2017. Tal for folketalsutvikling for Telemark var 0% og for landet under eitt 0,6%.

Handlingsprogrammet la ikkje opp til busetjing av flyktningar i 2018. Men det blei busett 17 flyktningar heilt mot slutten av 2017. Det har derfor vore høg aktivitet i høve til busetjing/integrering av flyktningar også i 2018. Det er nå gjennom 3 år busett 51 flyktningar i kommunen. I 2018 valte nokre flyktningar å flytte til andre kommunar. Ein meiner arbeidet med busetjing av flyktningar har gått svært bra, men det er sjølv sagt knytt ulike utfordringar til dette arbeidet. Men så langt har dette blitt handtert svært bra av alle involverte.

Som ein oppfølging av arbeidet med kommunereform har det også i 2018 blitt arbeidd på fleire område med å utgreie interkommunalt samarbeid. Etablering av felles NAV-kontor med Kviteseid lokalisert i Kviteseid er vedteke og vil vere på plass frå 01.01.19. Dette samarbeidet er frå 2020 vedteke til bli utvida til å omfatte 5 Vest-Telemark kommunar og kontoret vil då vere lokalisert på Dalen. Det blei og vedteke hausten 2018 at ein skal utgreie nærare samarbeid med Kviteseid kring rekneskapsfunksjonen. Dette siste punktet vil ein kom nærare attende til i 2019.


2018 blei på same måte som dei føregåande åra eit år med høg aktivitet innan VA-utbygging, med dei største prosjekta knytt til vassforsyning til Kyrkjebygda og vedtak om bygging av sjøleidning frå Treungen vassverk/Treungen RA til Kyrkjebygda (oppstart 2019). Av sum utgifter investeringar i løpet av 2018 på 26,9 mill. er 19,4 mill. knytt til vatn og avlaup. Men det har vore høg aktivitet i høve til bygg. Bygging av flyktningbustader og utbygging av Tveit skule – småskulen, blei fullført. I tillegg blei ombygging/utbygging av Kyrkjebygda oppvekstsenter blei vedteke. Hovudtyngda av dette prosjektet blir gjennomført i 2019.

Nissedal kommune har hatt som mål å få det legemeldte sjukefråværet under 5%. I 2018 blei totale fråværet 4,88%. Dette var ein nedgang på 2 prosentpoeng i høve til 2017. Med andre ord ein nedgang på over 30% samanlikna med 2017. Sjukefråværet var fordelt med 1,71% på kortidsfråvær og 3,17% på langtidfråvær. 2018 er første året på lang tid at ein oppfyller målsetninga med å ha eit legemeldt sjukfråvær på under 5%.

Som nemnd innleiingsvis, blei rekneskapen for 2018 gjort opp med eit netto driftsresultat på -0,6% og eit mindreforbruk på 4,5 mill. Dette gir eit negativt bilete av budsjettstyringa, men er positivt i høve til å bygge opp att ein økonomisk reserve for kommunen. «Felles buffer» utgjør pr. 31.12.18, 10,4 mill. Dersom ein legg til grunn at mindreforbruket i 2018 og vert avsett til buffer utgjør då "felles buffer" 14,9 mill. I budsjett 2019 er det budsjettert med bruk av «Felles buffer» på 1,4 mill. Men sjølv om det i budsjett 2019 er lagt opp til bruk av fondsmildar, så utgjør nå «felles buffer» det ein kan kalle ein reel økonomisk buffer.

## 2. Organisering av kommunen (politisk og administrativt)

### 2.1 Organisasjonskart



## **2.2 Politisk organisering**

Formannskapet har funksjon som eit "driftsstyre", og har møter ca. kvar 3. veke. Meir prinsipielle saker og saker av litt "tyngde" skal handsamast av kommunestyret. Saker som ikkje er knyt til plan, næring og økonomi skal i prinsippet handsamast direkte i kommunestyret, utan å gå vegen om formannskapet. Kommunestyret hadde 8 møte og formannskapet hadde 13 møte i 2018.

## **2.3 Administrativ organisering**

Nissedal kommune er organisert i 6 driftseiningar og stab-/støttefunksjonar. Rådmannen si leiargruppe består i tillegg til han sjølv, 6 einingsleiarar, plansjef, NAV-leiar, kommunalsjef økonomi og kommunalsjef samfunn/utvikling.

Eining for skule omfattar grunnskuleundervisning, sfo-tilbod og vaksenopplæring. I tillegg er tilsyns-mynde etter Lov om barnehage lagt til denne eininga.

Eining for omsorg omfattar omsorgssenter, heimesjukepleie og heimehjelp. Tenestekontor for sakshandsaming etter Helse- og omsorgslova ligg også i denne eininga.

Eining for barnehage omfattar 4 kommunale barnehagar og ev. oppfølging av private barnehagar. I 2018 var det ingen private barnehagar i Nissedal.

Eining for helse og habilitering omfattar tenester for funksjonshemma, legetenester, jordmor, helsestasjon, fysioterapi, barnevern, dagsenter og psykiatri.

Eining for kultur omfattar musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturvern/samlingar, kino, ålmenne kulturtiltak, fritidsklubb, rusfri ungdom, ungdomsrådet og flyktingar.

Eining for teknisk drift omfattar drift av alle kommunale bygg, (adm.bygg, skular, barnehagar, omsorgssenter, omsorgsbustader, utleigebustader, dagsenter m.m.), kloakkanlegg, vassforsyning, feiing, kommunale vegar, brannvern, idrettsanlegg/grøntanlegg.

Plankontoret omfattar forvaltningsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal.

NAV omfattar økonomisk sosialhjelp, arbeidsavklaringspengar, oppfølging av arbeidsledige og sjukmeldte.

Under fellestenesta ligg ulike administrative oppgåver innan økonomi, personal, post/arkiv, resepsjon. I tillegg ulike interkommunale samarbeid som barnevern og landbrukskontor.

I stabsfunksjonar ligg ulike oppgåver innan næring, reiseliv/turisme.

## 2.4 Interkommunalt samarbeid m.m.

Kommunen deltek i ei rekke samarbeid med andre kommunar om tenesteyting, både i form av egne selskap (IKS) og gjennom samarbeidsavtalar (sjå også Note 0 i Årsrekneskap 2018).

### Interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid (§ 27)

- Renovasjon vert utført av IATA (IKS). Deltakande kommunar er Nissedal, Drangedal, Nome og Åmli.
- Alle kommunane i Vest-Telemark samarbeider om førebyggjande brannvern i egne IKS
- Vest-Telemarkrådet (§ 27 selskap)
- Telemark kommunerevisjon IKS
- Telemark kontrollutvalssekretariat IKS
- Ika Kongsberg IKS
- PPT IKS.

### Samarbeidsavtalar

- Nissedal og Kviteseid kommunar har eit utstrakt fagleg samarbeid. Plankontoret i Nissedal utfører bygningskontroll, oppmåling og arealplanlegging for begge kommunane. Landbrukskontoret i Kviteseid er felles landbrukskontor for Kviteseid og Nissedal. Nissedal kommune fører løn for Kviteseid kommune og Kviteseid kommune fører skatterekneskapen for Nissedal kommune.
- Alle seks kommunane i Vest-Telemark har felles Barnevern med Kviteseid som vertskommune
- Nissedal kommune har samarbeidsavtale med Arendal kommune om Legevakt.
- Nissedal kommune har ei rekke samarbeidsavtalar med STHF i samband med Samhandlingsreforma. Desse avtalane tek vare på Nissedal sitt behov for sjukehustjenester frå SSHF.
- Nissedal kommune deltek i eit innkjøpssamarbeid.
- Nissedal kommune samarbeider med Drangedal kommune om VA-anlegg på Gautefallheia.

### 3. Investeringsrekneskapet (jf. rekneskapsskjema 2A/2B og note 18)

Investeringsrekneskapet er også i 2018 i stor grad prega av høg aktivitet innan VA-sektoren.

I opphavleg budsjett var det lagt inn sum investeringar i anleggsmedel med totalt 39,8 mill. Dette blei justert ned i løpet av året til 24,5 mill. Rekneskapen gav investeringar i anleggsmedel på 26,9 mill. Av dette var 19,4 mill. knyt til investeringar innan VA.

Gjennom året er investeringsbudsjettet justert ved tertialkontrollane og ved fleire ulike enkeltsaker. Det vert i det etterfylgjande gjort greie for dei vesentlege endringane i investeringsbudsjettet og avvik i høve til rekneskapen.

(Alle tal under er inkl. mva., med unntak av prosjekt innan VA).

#### 0126 – Startlån

I k-sak 25/18 blei det vedteke låneopptak for vidareutlån på 5 mill. Dette saman med restmidlar frå 2017 gav ei total utlånsramme på kr 5.132.000. I løpet av året synte det seg at det ikkje kom nokon søknader om lån og på denne bakgrunn blei låneramme justert ned til 0 i k-sak 78/18. Mottatte avdrag på utlån blei kr 269.000, som var 23.000 meir enn budsjett. Betalte avdrag på innlån var kr 209.000, i samsvar med budsjett. Dette gav grunnlag for avsetning til låneavdragsfond på kr 60.000.

#### 0149 – Kjøp og sal av aksar

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak på kr 520.000 var sett av til eigenkapitalinnskotet i KLP. Ramma blei styrkja med kr 53.000 i k-sak 78/18. Utgifta var i samsvar med budsjettet. EK-innskotet var i opphavleg budsjett finansiert med sal av fast eigedom. Då det i løpet av 2018 ikkje blei selt tomter eller anna fast eigedom, blei finansiering endra til bruk av disposisjonsfond (felles buffer) i k-sak 78/18.

#### 0528 Nissedal del av fellesinv. Gautefallheia/0535 VA-Gautefallheia Trinn 4 Drangedal avløyv

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var 9 mill., der kr 4.140.000 var Nissedal sin del. Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 45.792.000. Progresjonen på prosjektet blei annleis enn lagt til grunn i budsjettet og i 2. tertial blei løyving for 2018 redusert til kr 200.000 (konsulenttenester). Prosjektet blei lagt inn i budsjett for 2019. Rekneskapen synte konsulentbruk på kr 267.000, som er kr 67.000 over budsjett.

#### 0551 Overvakingsanlegg – VA drift

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var 1 mill. Prosjektramme pr. 31.12.18 var 1 mill. På bakgrunn av endra progresjon, blei budsjettramme redusert med 0,5 mill. i k-sak 78/18. Rekneskapen synte utgifter på kr 257.000 som er kr 243.000 under budsjett. Prosjektet vert vidareført i 2019.

#### 0553 – Miljøretta helsevern – påkostningar skulebygg

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var kr 350.000. Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 3.886.000. Løyvinga i 2018 var knyt til Fjone skule. På bakgrunn av vedtak om nedlegging av skulen blei løyvinga trekt inn i k-sak 46/12 (1. tertial), og evt. tiltak blir å sjå i samanheng med oppgradering som skal skje i samband med etablering av barnhage i bygget (lagt inn i budsjett for 2019).

#### 0564 Adressering-skilting-vegnamn

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var kr 113.000. Prosjektramme pr. 31.12.18 var Kr 405.000. I k-sak 46/18 (1. tertial), blei budsjett/prosjektramma styrka med kr 35.000. Rekneskapen syner eit mindreforbruk på kr 33.000, som knyter seg til mva. På bakgrunn av at arbeidet dels blei utført av frivillige lag/organisasjonar, blei kostnaden ikkje omfatta av mva. Men dermed faller og mva-refusjon også bort. Ved årsskifte står kvalitetssikring av prosjektet att.

#### 0566 Utbyggingsavtale – Naurak felt 1

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var kr 112.000. Jf. k-sak 46/18 (1. tertial), blei løyvinga trekt attende, då prosjektet ikkje lenger var aktuelt.

#### 0576 Asfaltering av grusveggar

Prosjektet gjeld oppgradering av kommunale vegar. . Prosjektramme pr. 31.12.18 var Kr 6.231.000. I k-sak 73/16 blei det avgjort kva for vegar som skal prioriterast. I k-sak 46/18 (1. tertial) blei prosjektet sett opp med eit budsjett på kr 351.000. Dette var ei styrking av prosjektramma på kr 94.000. Behov for styrking av prosjektramma var i hovudsak knyt til behov for masseutskifting på Tveitvegen. I k-sak 78/16 blei budsjett/prosjektramme redusert att med kr 25.000. Prosjektet avslutta i samsvar med budsjett/prosjektramme.

#### 0578 Omlegging av kloakkleidning Landvik – Treungen RA

Prosjektet blei i hovudsak gjennomført i 2016. . Prosjektramme pr. 31.12.18 var Kr 1.100.000. I k-sak 46/18 (1. tertial) blei prosjektramma styrka med kr 60.000 og budsjettet styrka med kr 49.000. På bakgrunn seinare motteke k-nota knyt til avslutning av dette prosjekt og arbeid på prosjekt 0582, som er relatert til dette prosjektet blei kostnadsført sum på dette prosjektet 0 i 2018. På denne bakgrunn blei løyvd budsjettsum i 2018 trekt attende i k-sak 78/18. Prosjektet er avslutta i samsvar med prosjektramme/budsjett.

#### 0582 Vass- og kloakkleidning til Ånundsbuoddane

I kommunestyresak 35/16 blei prosjektet vedteke. . Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 1.032.000. Prosjektet var delfinansiert med anleggsbidrag. Storleiken på anleggsbidraget blei rekna ut etter planane om utbygging av 35 hyttetomter, men dimensjon på anlegget tok høgde for vidare utbygging/forlenging av nettet. Prosjektet blei i hovudsak gjennomført i 2016/2017. I k-sak 46/18 (1. tertial) blei det teke omsyn til ein k-nota, slik at budsjett blei redusert med kr 68.000 (neg. sum). På bakgrunn av eit meirforbruk i 2017 blei prosjektramma styrka med kr 16.000. I k-sak 78/18 blei det teke omsyn til at sum k-nota var endra til kr 118.000. Prosjektet er avslutta i samsvar med prosjektramme/budsjett.

#### 0583 Utbygging Tveit skule – småskulen

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var kr 1.750.000. . Prosjektramme pr. 31.12.18 var Kr 9.476.000. Hovuddelen av prosjektet var gjennomført i 2017. I k-sak 46/18 blei budsjettet redusert med kr 37.000 i høve til eit meirforbruk i høve til budsjett i 2017. I k-sak 78/18 blei budsjett/prosjektramme redusert med kr 253.000. Prosjektet er avslutta i samsvar med budsjett/prosjektramme.

#### 0585 Oppgradering Agresso til Milestone

I 2016 blei det gjort vedtak om oppgradering av kommunen sitt økonomisystem, m.a. innføring av fakturaflyt. . Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 736.000. I k-sak 46/18 (1. tertial) blei prosjektramma auka med kr 74.000 på bakgrunn av eit meirforbruk i 2017 på kr 24.000 og budsjett 2018 på kr 50.000. Dette m.a. på bakgrunn av ein ny delmodul. Prosjektet er avslutta kr 11.000 under prosjektramme/budsjett.

#### 0591 Tur-/sykkelløype Åmli –Treungen

Opphavleg løyving jf. budsjett 2018 var kr 1.716.000. Prosjektramme pr. 31.12.18 var Kr 1.716.000. Prosjektet fekk ein anna progresjon enn lagt til grunn i budsjett. På denne bakgrunn blei budsjettet redusert i k-sak 78/18 med kr 1.636.000 til kr 80.000. Utgiftene i 2018 er knyt til konsulentutgifter. Rekneskapan syner eit mindreforbruk på kr 6.000. Hovudprosjektet vil bli gjennomført i 2019 og er i 2019 sett opp med eit budsjett på kr 2.969.000.

#### 0592 4 utleigebustader – Flyktningar

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var 4,1 mill. . Prosjektramme pr. 31.12.18 var Kr 12.340.000. På bakgrunn av eit meirforbruk i 2017, på bakgrunn av raskare progresjon i 2017 enn budsjettert, blei budsjettet for prosjektet redusert med kr 2.956.000 i k-sak 46/18 (1. tertial). Vidare blei budsjettet redusert med ytterligare kr 128.000 i k-sak 78/18. Denne siste reduksjonen var knyt til uteområde, som ein ikkje fekk ferdigstilt i 2018. Denne summen er ført opp att i budsjett for 2019.

#### 0593 4 omsorgsbustader – omsorgssenteret

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak var 8 mill. I k-sak 46/18 (1. tertial) blei det vedteke å trekke løyvinga inn, på bakgrunn av at ein ønskja å revurdere gjennomføringa av prosjektet. Prosjektet er førd opp i langtidbudsjettet i 2020, med tanke på at ein får prosjektert desse bustadane i 2019.

#### 0594 Oppgradering av office

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak var kr 410.000. I samband med k-sak 46/18 (1. tertial) blei denne løyvinga overført nytt prosjekt 0624 investeringar i lokal infrastruktur og Microsoft-lisensar.

#### 0595 Vass- og avløpsleidning – Eriksneset/Treungen Hyttegrend

I kommunestyresak 88/16 blei prosjektet vedteke. Prosjektramme pr. 31.12.18 var Kr 925.000. Bakgrunn for prosjektet var eit initiativ frå utbyggar i området om å felles utnytting av grøfter til straum og VA. I tillegg kom at legging av VA-leidningar ville bli meir komplisert etter at høgspenteleidningar var lagt. I k-sak 46/18 (1. tertial) blei budsjett/prosjektramme auka med kr 102.000. Dette på bakgrunn av ei feilbudsjettering i 2017. I k-sak 78/18 var det behov for å styrke budsjett/prosjektramme med ytterligare kr 25.000. Prosjektet er avslutta i samsvar med prosjektramme/budsjett.

#### 0596 Utbyggingsavtale – Felehovet nord, Felt C

Opphavleg løyving jf. budsjett 2018 var kr 255.000. Prosjektramme pr. 31.12.18 var Kr 2.430.000. I k-sak 78/18 blei prosjektramme/budsjett redusert med kr 94.000. Prosjektet er avslutta i samsvar med budsjett/prosjektramme.

#### 0602 Kommunal vassforsyning Bjønntjønn fjellgrend

Opphavleg løyving jf. budsjett 2018 var kr 270.000. . Prosjektramme pr. 31.12.18 var Kr 1.680.000. På bakgrunn av eit meirforbruk i 2017, blei budsjettet redusert med kr 200.000 i k-sak 46/18 (1. tertial). I k-sak 78/18 blei budsjett/prosjektramme styrka med kr 30.000 i høve til meirkostnader til kvalitetssikring. Dette arbeidet blei ikkje gjennomført i 2018 og restløyving på kr 100.000 vil bli innarbeidd i budsjett 2019.

#### 0603 Ladestasjon – Treungen

Prosjektet blei ferdig i 2017. Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 625.000. I 2018 er det berre førd mva-utgift/refusjon på ei rekning pga. periodisering. Prosjektet er avslutta i samsvar med budsjett og kr 128.000 under prosjektramma.

0604 Anleggsbidragsavtale – Naurak, ø. del felt 1-kloakk

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var kr 420.000. Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 955.000. I k-sak 78/18 budsjett redusert med kr 240.000, på bakgrunn av at arbeid med spreienett blei utsett til 2019. I 2018 var det eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr 4.000.

0605 Svivkollen hyttefelt – vass og avlaupsleidning

Prosjektet blei vedteke i k-sak 29/17. Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var kr 1.850.000. Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 3.475.000. I k-sak 46/18 (1. tertial) blei budsjettet redusert med kr 30.000 på bakgrunn av meirforbruk i 2017. I k-sak 65/18 (2. tertial) blei budsjett/prosjektramma styrka med kr 323.000. Dette på bakgrunn av auka kostnader ved framføring av straum til pumpestasjon og auka dimensjonar på leidningsnett for å ta høgde for framtidig tilkopling av nabofelt. I k-sak 78/18 blei budsjettet redusert med kr 372.000 på bakgrunn av at delar av spreienettet blei utsatt til 2019. Denne summen er innarbeidd i budsjett 2019. Rekneskapen for prosjektet er i samsvar med budsjettet.

0607 Etablering av kommunal vassforsyning i Bjønntjønn hyttegrend

Prosjektet blei vedteke i k-sak 43/17. Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var kr 4.100.000. Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 4.460.000. I k-sak 46/18 (1. tertial) blei budsjett/prosjektramma auka med kr 360.000 på bakgrunn av tilkopling av fleire hytter enn kva som låg inne i opphavleg avtale. Prosjektet avslutta i samsvar med budsjett/prosjektramme.

0608 Ånundsbuoddane-hovudgrøft og internett

Prosjektet blei vedteke i k-sak 42/17. Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var kr 1.322.000. Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 3.579.000. I k-sak 46/18 (1. tertial) blei budsjettet redusert med kr 25.000 på bakgrunn av meirforbruk i 2017. I k-sak 78/18 blei budsjettet redusert med kr 390.000 på bakgrunn av bygging av pumpestasjon utsatt til 2019. Denne summen er innarbeidd i budsjett 2019. Rekneskapen for prosjektet er i samsvar med budsjettet.

0609 Prosjektering – hovudleidning – Treungen-Kyrkjebygda

I k-sak 56/17 blei prosjektet vedteke. Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var kr 1.175.000. Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 1.700.000. I k-sak 46/18 (1. tertial) blei budsjettet styrka med kr 200.000 på bakgrunn av mindreforbruk i 2017. I k-sak 78/18 blei budsjettet redusert med kr 610.000 på bakgrunn av endra progresjon i prosjektet. Denne summen er innarbeidd i budsjett 2019. Prosjektet har eit meirforbruk i høve til budsjett på kr 44.000. Budsjett i 2019 vil bli korrigert for dette.

0610 Personbil – flyktingtenesta

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var kr 400.000. Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 400.000. Ein 7-seter, Opel Zafira blei kjøpt inn i samsvar med løyvud sum.

0611 Rehabilitering – Oddane aldersbustader

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var kr 750.000. Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 750.000. På bakgrunn av at ein ville avvente rehabilitering/oppbygging av bustadane til ein var sikker på at problemet med vassinntrenging var løyst blei, prosjektet forseinka. I k-sak 78/18 blei budsjettet redusert med kr 735.000 og tilsvarande sum blei førd opp i budsjett 2019.

0612 Rehabilitering – bruer – kommunale veganlegg

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var kr 1.000.000. I k-sak 65/18 (2. tertial) blei løyvinga trekt inn, på bakgrunn av at aktuelle tiltak ville vere vedlikehald og må dekkast av driftsmidlar.

0613 Kleivvegen – asfaltering

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var kr 688.000. Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 1.107.000. Etter at anbod var innhenta blei budsjett/prosjektramme auka med kr 419.000 i k-sak 65/18. Arbeidet blei ikkje utført som planlagt i haust og budsjettet blei derfor redusert med kr 1.107.000 i k-sak 78/18. Denne summen er førd opp att i budsjett for 2019.

0614 Kjøp/innløyising – Tomt Gaukås stasjon

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var kr 200.000. Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 206.000. I k-sak 65/18 (2. tertial) blei budsjett/ramma auka med kr 6.000 for å ta høgde for omkostningar ved kjøpet. Rekneskapen for prosjektet er i samsvar med budsjettet.

0615 Aktivitetspark – Kyrkjebygda oppvekstsenter

Opphavleg løyving jf. budsjettvedtak 2018 var kr 787.000. Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 787.000. I k-sak 78/18 blei budsjettet redusert med kr 787.000 på bakgrunn av at prosjektet var utsatt til 2019. Summen er innarbeidd i budsjett 2019.

0616 Hovudleidningar – vatn og kloakk Kyrkjebygdaheia

Prosjektet blei vedteke i k-sak 2/18 med ei prosjektramme på 14,2 mill. og eit budsjett i 2018 på 6,3 mill. I k-sak 65/18 blei det lagt til grunn at ein større del av arbeidet ville bli gjort i 2019, enn kva ein først la til grunn. Derfor blei budsjettet redusert med kr 2.300.000. I k-sak 78/18 såg ein at progresjonen på prosjektet var auka og ein styrka budsjettet at med kr 652.000. Men det synte seg at progresjonen var endå høgare dei siste vekene av 2018 og prosjektet fekk eit meirforbruk i høve til budsjett på kr 1.335.000. Dette vil bli korrigert mot sum lagt inn i budsjett 2019 på kr 9.558.000.

0617 Høgdebasseng – Kyrkjebygdheia

Prosjektet blei vedteke i k-sak 2/18 med ei prosjektramme på 11,2 mill. og eit budsjett på 5 mill. I k-sak 65/18 blei det lagt til grunn at ein større del av arbeidet ville bli gjort i 2019, enn kva ein først la til grunn. Derfor blei budsjettet redusert med kr 4.500.000. I k-sak 78/18 så la ein til grunn progresjonen var ytterligare forseinka og reduserte budsjettet med ytterligare kr 423.000. Men det synte seg at progresjonen blei høg dei siste vekene av 2018 og prosjektet fekk eit meirforbruk i høve til budsjett på kr 1.078.000. Dette vil bli korrigert mot sum lagt inn i budsjett 2019 på kr 11.123.000.

0620 Ombygging/tilbygg – Kyrkjebygda oppvekstsenter

Prosjektet blei vedteke i k-sak 3/18 med ei prosjektramme på 14,8 mill. og eit budsjett 2018 på 7 mill. Barnhagedelen blei gjennomført sommar/tidleg haust. Men om-/utbygging av skuledelen blei utsatt på bakgrunn av avvik mellom prosjekterte kostnader og anbod. Budsjettet blei derfor redusert i k-sak 65/18 med kr 4.000.000 og ytterligare kr 650.000 i k-sak 78/18. Rekneskapen for prosjektet synte eit meirforbruk i høve til budsjett på kr 334.000, som vil bli korrigert mot sum som er lagt inn i budsjett 2019 på kr 12.450.000.

0621 Eriksneset hyttefelt – VA-planer og anleggsbidrag

Prosjektet blei vedteke i k-sak 71/17, med ei prosjektramme på kr 1.695.000. Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 1.621.000. Kr 300.000 blei nytta i 2017, men ved ein feil blei ikkje resten av løyvinga innarbeidd i budsjett 2018. Dette blei gjort i k-sak 46/18 (1. tertial) ved at kr 1.395.000 vart innarbeidd i budsjett 2018. I k-sak 78/18 blei prosjektramme/budsjett redusert med kr 74.000, på bakgrunn av forventa lågare kostnad. Prosjektet blei ikkje avslutta som planlagt i 2018 og kr 99.000 (mindreforbruk i 2018), må innarbeidast i budsjett 2019.

### 0622 Anleggsbidragsavtale-Utsjå hyttegrend trinn 2

Prosjektet er vedteke i k-sak 71/17 med ei prosjektramme på kr 2.054.000. I k-sak 78/18 blei budsjettet redusert med kr 1.254.000, i samsvar med progresjon på prosjektet. Rekneskapen syner eit meirforbruk i høve til budsjett på kr 82.000, som vil bli korrigert mot innarbeidd sum i budsjett 2019 på kr 1.254.000.

### 0623 Anleggbidragsavtale-Felehovet nord felt C, del 2

Prosjektet er vedteke i k-sak 20/18 med ei prosjektramme på kr 1.227.000. Prosjektramme pr. 31.12.18 var kr 1.124.000. Ramme for prosjektet er innarbeidd i budsjettet i k-sak 46/18 (1.tertial). I k-sak 78/18 blei prosjektramme/budsjett redusert med kr 103.000. Prosjektet blei ferdig i 2018 og rekneskapen for prosjektet syner samsvar med budsjettet.

### 0624 Investeringar i lokal infrastruktur og Microsoft-lisensar

Prosjektet er vedteke i k-sak 37/18 med ei prosjektramme på 1 mill. og innarbeidd i budsjettet i k-sak 46/18 (1. tertial). Rekneskapen for prosjektet syner eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr 33.000. Dette vil bli innarbeidd i budsjett for 2019.

### 0627 Infrastruktur – digitalisering i barnehage og skule

Prosjektet blei vedteke i k-sak 40/18 med ei prosjektramme på kr 1.852.000. Kr 269.000 beli innarbeidd i budsjettet i k-sak 65/12 (2. tertial). Avsett sum i 2018 var til oppgradering av infrastruktur. Dette blei noko forseinka og blei ikkje gjennomført før årsskifte. Prosjektet viste dermed eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr 269.000. Dette gjer til at sum i 2019-budsjettet (kr 1.636.000) vil bli korrigert for mindreforbruket i 2018.

### 0628 Kjøp av næringstomt – Sundsmoen

Prosjektet blei vedteke i k-sak 63/18 med ei prosjektramme/budsjett på kr 150.000. Prosjektramme/budsjett blei styrka i k-sak 78/18 med kr 20.000, knyt til omkostningar ved kjøpet. Utbetaling av kjøpssummen blei ikkje gjort før årsskifte og dermed har prosjektet eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr 151.000. Denne summen må innarbeidast i i budsjett for 2019.

### 0631 FKB-kartlegging

Utgift til dette var først tatt inn i driftsbudsjettet til plan-kontoret. Avklaring av at dette er eit investeringsprosjekt kom etter at siste budsjettjustering var gjort. Dermed framstår prosjektet med ei meirforbruk på kr 165.000. (Kviteseid dekkar sin del av dette etter fordelingsnøkkel). Dette er eit prosjekt som går over 3 år. I budsjett 2019 er det innarbeidd kr 423.000 og i økonomiplanen er det lagt inn kr 406.000 i 2020 til dette prosjektet.

### 0634 Kyrkjebygdheia – Opprusting av eks. anlegg – Anleggsbidragsavtale

Dette er eit prosjekt som er vedteke i k-sak 2/18 med ei prosjektramme på 4,5 mill. Prosjektet er innarbeidd i budsjett for 2019. Det kom nokre mindre utgifter på prosjektet før nyttår, slik at det framstår som eit meirforbruk på kr 24.000. Dette vil bli korrigert mot budsjettsum i 2019.

### Investeringsrekneskapen oppsummert

Investeringsrekneskapen for 2018 er gjort opp med eit udekket meirforbruk på kr 2.420.000. Hovudforklaringa på dette udekket meirforbruket er prosjekt «0616 Hovudleidningar – vatn og kloakk Kyrkjebygdheia» og «0617 Høgdebasseng – Kyrkjebygdheia». Heile meirforbruket kan forklarast med endra progresjon i høve til føresetnadane i budsjettet. Det vil derfor ikkje vere naudsynt å gjere omprioriteringar for å dekke opp for dette meirforbruket eller auke låneopptak i høve til tidlegare vedtak. Av sum finansiering på 25,3 mill. er 15 mill. bruk av lån. Med andre ord er 60% av investeringane i 2018 finansiert med lån. På bakgrunn av mange anleggbidragsavtaler som er heilt/delvis finansiert med anleggsbidrag, så framstår nok graden av bruk av lån lågare enn kva som er realiteten for investeringar i kommunen.

## 4. Driftsrekneskapen (jf. økonomisk oversikt drift og rekneskapsskjema 1A/1B og note 17)

### Økonomisk oversikt drift

Oversikten syner at driftsinntektene har hatt ein auke på 4,1% frå 2017 til 2018. (utgjør 7,9 mill.). I driftsinntekter ligg både salsinntekter, midlar til ordinær drift og ev. øyremerka midlar til ymse føremål, så det kan vere naturlege svingingar frå år til år. Ein vekst i inntekter på 4,1% kan gje eit uttrykk for at det samla handlingsromet til Nissedal kommune har auka, då dette er ein vekst høgare enn løns/prisvekst. Men når ein tek omsyn til at sum driftsutgifter auka med 7,1% (13,3 mill.), så ser ein at utviklinga totalt sett ikkje har vore positiv. Brutto driftsresultat har gått frå eit positivt resultat i 2017 på 3,3 mill. til eit negativt resultat i 2018 på 2,1 mill.

Av auken i driftsutgiftene utgjør lønsutgifter 4,8 mill. Dette utgjør ein vekst i lønsutgifter på 3,8% frå 2017 til 2018. På vekst i inntektsida utgjør auke i skatt/rammetilskot ein vesentlig del med ei vekst på 4,2 mill. (4,5%).

Om ein ser på netto driftsresultat, som gjerne er det kommunane blir målt på for å vurdere den økonomiske stoda/utviklinga, så har dette gått frå 2,2% i 2017 til -0,6% (negativt) i 2018. Som nemnd innleiingsvis kan noko av denne utviklinga forklarast med «auka» underskot på VA-sektoren. Med andre ord at ein har sett ned gebyra/reduert inntektene, slik at ein finansierer drifta her med opparbeidde sjølvkostfond. Dette er ein ønska utvikling, og noko ein er pålagt i høve til reglar kring sjølvkost. Men dersom ein tek bort effekten av VA, så gir dette eit netto driftsresultat på 0,4%, som og er godt under 2017-resultatet. Då ein gjorde tilsvarende berekning i 2017 gav dette eit netto driftsresultat 3,3%. Litt enkelt oppsummert kan ein seie at denne utviklinga er årsaka av at utgiftene aukar meir enn inntektene og at dette er løyst ved å bruke fondsmidlar. Bruk av fondsmidlar har auka med 3,1 mill. frå 2017 til 2018.

Rekneskapsmessig mindreforbruk var på kr 4.491.000. Ei enkel oppsummering av bakgrunnen for dette er at driftsinntektene var 3,7 mill. over budsjett, driftsutgiftene var 0,3 mill. under budsjett, finansutgifter 0,1 mill. over budsjett, bruk av avsetningar 0,6 mill. meir enn budsjett (VA-fond primært). Detaljer kring dette vert kommentert under.

### Rekneskapsskjema 1A – Sentrale inntekter og avsetnader, finansinntekter og –utgifter

#### Sentrale inntekter

Skatteinngangen (inkl. naturressursskatt) blei i opphavleg budsjett sett til 40,5 mill. Dett var 1 mill. meir enn justert budsjett 2017 (utgjør ein budsjettert vekst på 2,5%). Anslag på skatteinngangen blei 1. tertial auka med 2,4 mill. Dette på bakgrunn av skatteinngang i 2017 som blei godt over budsjett og skatteinngang første månader i året. I 2. tertial blei skatteinngangen ytterligare auka med kr 600.000. Budsjettert skatteinngang (inkl. naturressurs) ved utgangen av året var kr 43,5 mill. Skatteinngang ved utgangen av året blei kr 43.370.000. Ganske nær opptil budsjett. Ein kan legge til at naturressursskatt blei kr 1.146.000 over budsjett og skatteinngang på formue/inntekt kr 1.276.000 under budsjett. Nissedal hadde ein vekst i skatteinntektene på 3,8% frå 2017, som er identisk med vekst på nasjonalt nivå.

I opphavleg budsjett var det lagt til grunn 63,9 mill. i rammetilskot. På bakgrunn av oppjustering av skatteanslaga i tertialkontrollane blei anslaget på rammetilskot justert ned. Budsjett rammetilskot ved utgangen av året var 62,6 mill. Rekneskapen synte 62,8 mill. I tillegg kom skjønmidlar for utgifter til skogbrannar (kr 650.000) og omtaksring verk & bruk (kr 196.000). Dette var teke omsyn til ved budsjettering av rammetilskot, men skal først på eigen art. Dermed er det rett å seie at rammetilskot blei 1 mill. meir enn budsjettert.

I opphavleg budsjettet var det lagt til grunn 13,1 mill. i eigedomsskatt. I tertialkontroll blei dette justert opp med kr 467.000, primært på bakgrunn av ny avrekning for nokre kraftverk for tidlegare år. Skatteinngangen på eigedomsskatt blei kr 13.540.000,-, fordelt med 6,1 mill. frå kraftverk, 1,7 mill. frå anna næring og 5,7 mill. frå bustader/hytter. Det var godt samsvar mellom budsjett og rekneskap, kr 27.000 i meirinntekt.

I opphavleg budsjett var integreringstilskotet sett til 11,7 mill. I 1. tertial blei det kommentert at ein skulle auke tilskotet på bakgrunn av tilsagn om div. særtilskot med 0,6 mill. Dette blei ved ein feil ikkje innarbeidd i talmaterialet. I tillegg fekk ein mot slutten av året tilsagn på ekstra integreringstilskot for fleire busette flyktningar. Dette er hovudforklaringa på at integreringstilskotet blei kr 13.488.000, som er 1,8 mill. meir enn budsjettet.

Totalt blei frie skatteinntekter og overføringar kr 136.037.000., som er 2,8 mill. meir enn budsjettet.

#### Netto finansinntekter/-utgifter

Renteinntekter omlag som budsjettet, kr 902.000 mot budsjettet 913.000. Utbytte frå selskap (VTK) blei som budsjettet, 1,1 mill.

Avdrag på lån blei i samsvar med budsjett kr 8.661.000. Renteutgifter var i opphavleg budsjett sett til kr 2.480.000. Dette blei justert opp med kr 400.000 i 1. tertial, då innlånsrenta blei auka med 0,3%-poeng til 1,8%. Budsjetterte renteutgifter ved utgangen av året var kr 2.880.000. Rekneskapen synte ei utgift på kr 2.777.000, altså eit mindreforbruk på kr 103.000.

I sum har netto finansutgifter/-inntekter eit mindreforbruk på kr 93.000.

#### Netto avsetnader

Det er, jf. budsjett, avsett 4,7 mill. til disposisjonsfond og det er nytta 3,5 mill. av disposisjonsfond. Pr. 31.12.18 utgjør felles buffer utgjør 10,4 mill. Tidlegare einingsfond er då overført felles buffer jf. vedtak gjort i samband med rullering av økonomireglementet.

#### Til fordeling drift

Til fordeling drift (skjema 1A) er 129,4 mill. i høve til sum fordelt til drift (sum 1B) som er 124,9 mill., gir eit mindreforbruk på 4,5 mill.

#### Driftsrammene (jfr. rekneskapsskjema 1B)

Note 17 i rekneskapet syner endringane i driftsrammene gjennom året, og faktisk driftsresultat for kvart rammeområde for året. Større endringar av budsjettamma (over kr 50.000) og budsjettavvik vert i det etterfylgjande kommentert. Endringar av meir teknisk karakter som t.d. avskrivningar og verknad av lønsoppgjer for kvart rammeområde, vert ikkje kommentert i særleg grad. Det er viktig å merke seg at rekneskapsresultat ikkje nødvendigvis seier noko om oppnåing av mål eller effektivitet.

(I oppsettet under er auke av budsjettamma markert med + og reduksjon av ramme med -).

#### Felles

Dei viktigaste tiltaka i budsjettvedtaket var:

- Overføring Interkommunal psykolog +kr 150.000
- Pott opplæringstiltak redusert –kr 50.000
- Kommunale arbeidsmarknadstiltak +kr 500.000
- Erstatning/kompensasjon grunneigar Gaukås stasjon +kr 300.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke i konsesjonskraftinntektene -kr 2.410.000
- Innføring av fakturagebyr (kostnadsdekning) -kr 135.000
- Refusjon IATA – erstatningssum Gaukås –kr 200.000
- Avsett sum int.komm. psykolog trekt inn –kr 150.000
- Auke i pensjonsutgifter heile kommunen +kr 650.000
- Støtte til Bygdekvinnelaget (kjøp sykkel) +kr 50.000
- Innføring av nytt internkontrollsystem +kr 80.000

Felles har eit mindreforbruk på kr 690.000. Dette kan i hovudsak knytast fylgjande moment:

- Meirinntekt konsesjonskraftinntekter kr 92.000
- Avsett sum – auke pensjonsutgifter ikkje fordelt kr 650.000
- Mindreforbruk lønspott heile kommunen kr 171.000
- Avsett pott kommunale arbeidsmarknadstiltak kr 147.000
- Mindrekostnader IT-kapittel kr 203.000
- Juridisk bistand kr 71.000
- Avsetning kraftfondsmidlar over budsjett (utgift) kr 104.000
- Overføring av integreringstilskot ved flytting (utgift) kr 534.000

Anslaget for konsesjonskraftinntekter blei justert opp både i 1. og 2. tertial, men blei likevel kr 92.000 over budsjett. I 1. tertial blei det teke høgde for auke i pensjonsutgiftene (KLP/SPK) for heile kommunen, stipulert til kr 650.000. Dette blei sett av samla under felles og skulle fordelast seinare. Men på bakgrunn av at rekneskapen synte at pensjonsutgiftene blei omlag jf. opphavleg budsjett, blei ikkje summen fordelt ut på dei ulike rammeområda. Av den løyvde summen på 0,5 mill. til kommunale arbeidsmarknadstiltak var kr 147.000 unytta ved utgangen av året. I 2017 har det vore minimalt med skader/uforutsette utgifter som oppstår ved t.d. toever på div. IT-utstyr/-infrastruktur. I tillegg blei innkjøp av internkontrollsystem løyva i 2. tertial, (kr 80.000) utsett til 2019 Dette har medverka til at utgiftene til felles IT-utgifter blei kr 203.000 under budsjett. Utgifter til advokat er i hovudsak knyt til ei klage på ei byggesak. Denne type utgifter går ikkje inn i samarbeidet med Kviteseid og er derfor førd under rådmann. Konsesjonsavgiftene, som er ei sentral inntekt, blei høgare enn budsjett. Dermed blir avsetninga til kraftfondet, som ligg under felles, høgare. Integreringstilskot blir førd som ei sentral inntekt. Når flyktingar flyttar i løpet av perioden dei får integreringstilskot, har IMDI utarbeidd reglar for deling av integreringstilskotet. Overføring av motteke integreringstilskot blir då ei «utgift» og denne overføringa på kr 534.000 er førd under felles.

### Eining for skule

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Norskopplæring flyktingar – Kyrkjebygda skule +kr 260.000
- Red. 50% lærarstilling frå 01.08.18 (heilår -kr 303.000) -kr 126.000
- Vaksenopplæringa – ekstragruppe våren 2018 +kr 166.000
- Skyssutgifter vaksenopplæringa, frå Kyrkjebygda +kr 54.000
- Generelt kutt -kr 50.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Nedlegging Fjone Skule (5/12) -kr 1.039.000
- Spesialpedagogiske tiltak (enkelttiltak) +kr 903.000
- Kombinasjonsklasse Lunde vidg. (5/12) +kr 100.000
- 3-deling av Kyrkjebygda skule (5/12) +kr 202.000
- Mellombelse løysingar ved utbygging av Kyrkjebygda oppvekstsenter +kr 70.000
- Konsulenthjelp/opplæring strategiplan for digitalisering +kr 120.000

Eining for skule har eit mindreforbruk på kr 598.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Ubudsjettert bruk av fond (avsett integreringstilskot) kr 181.000
- Mindreforbruk opplæring, adm.kap. kr 184.000
- «Restsum» på Fjone skule kr 40.000
- Mindreforbruk løn vaksenopplæringa kr 167.000

I 2017 blei eit ekstra integreringstilskot motteke og avsett til fond. Tiltak blei sett iverk haust 2017 og vår 2018, men dette blei ikkje teke omsyn til i budsjettet og heile tilskotet blei avsett til fond. Det er seinare avklart at dette ikkje skulle ha vore avsett til bunde fond. Av den grunn blei heile fondet inntektsført hausten 2018. Mindreforbruk på opplæring/kurs på kr 184.000 skuldast dels lågare omfang av opplæringstiltak enn budsjettet la opp. I tillegg at midlane ikkje er blitt fordelt ut i eininga til der kostnadene er utgiftsført og at det har vore budsjettdekning på desse ansvara utan denne budsjettjusteringa. Då Fjone skule blei vedtatt lagt ned blei budsjettet for eininga redusert. Men ved årsoppgjeret syner det seg at denne reduksjonen var kr 40.000 mindre enn den skulle ha vore. Løn på vaksenopplæringa er overbudsjettert og det er eit mindreforbruk på løn her.

I løpet av året er det teke høgde for 0,5 mill. i ledige lønsmidlar som budsjettføresetnadene la til grunn.

### Eining for barnehage

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Auke av eigebetaling med -kr 110.000
- Barnehagane stengt i jol og påske -kr 140.000
- Auka bemanning Felle barnehage +kr 435.000
- Auka ressurs to-språkleg assistent +kr 285.000
- Utviding av Kyrkjebygda barnehage +kr 1.000.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke i eigenbetalingar -kr 130.000
- Spesialpedagogiske tiltak +kr 788.000

Eining for barnehage har eit meirforbruk på kr 91.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Samla meirforbruk på løn kr 151.000
- Mindreforbruk på ulike driftspostar kr 88.000

Meirforbruket på løn er fordelt litt ulikt mellom barnehagane. Noko av forklaringa til meirforbruket på løn er at då budsjettet for 2018 blei lagt, var det to vakante 100% stillingar i barnehagen. Stipulera løn til desse stillingane var lågare enn den løna dei som blei tilsett i stillingane, hadde krav på etter HTA. Når det gjeld mindreforbruk på driftspostar er også dette fordelt ut mellom barnehagane, men oppsummert på art ser ein at omlag halvparten av mindreforbruket er knyt til innkjøp av mat/bevertning.

### Eining for kultur

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Lagt til grunn at 5 personar går ut av introduksjonsstønad -kr 500.000
- Pott til integreringsarbeid +kr 50.000
- Dekking utg. SFO/skyss m.m. intro.program +kr 75.000
- Miljøarbeider to-språkleg 60% +kr 220.000
- Fritidsklubb open kvar fredag (prøveprosjekt) +kr 80.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Vidareføre styrking av flyktningkonsulentressurs (40%) +kr 126.000
- Miljøarbeider flyktning 20% eng. ut året +kr 100.000
- Adm.ressurs flyktning 20% +kr 140.000

Eining for kultur har eit mindreforbruk på kr 61.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Mindreforbruk driftspostar på ansvar for flyktningkoordinator kr 78.000

Mindreforbruket er fordelt på fleire postar på ansvar flyktningkoordinator, men mindreforbruk på opplæring utgjer hovuddelen.

### Eining for helse og habilitering

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Endring av ordning ress.brukarar/red. inntekt +kr 600.000
- Uspesifisert kutt av variabel løn og driftspostar -kr 300.0000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Vakansar legekantor -kr 265.000
- Reduserte inntekter legekantor +kr 450.000
- Auke lønsutg./overlapping fysioterapi +kr 50.000
- Auka kostnad til legevaktsamarbeidet +kr 50.000

Eining for helse og habilitering har eit mindreforbruk på kr 942.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Mindreutgifter løn Kåsa kr 944.000
- Mindreinntekt ressurskrevjande brukarar kr 585.000
- Mindreforbruk BPA (Brukarstyrt Personlig Assistent) kr 618.000
- Mindreforbruk psykiatri kr 167.000
- Meirforbruk barnevern kr 192.000

Lønsutgifter på Kåsa bu og avlastning blei lågare på bakgrunn av vakansar i stillingar og at større bruk av assistentar ved vakansar som og gir lågare lønsutgifter. Men refusjon frå staten blir og redusert, når lønsutgiftene går ned. Refusjon frå staten for ressurskrevjande brukarar blei kr 585.000 under budsjett. Denne reduksjon i refusjon er og knyt til reduserte utgifter på BPA-ordninga (kr 618.000). Også her er årseken til mindreforbruket problem med rekruttering ved vakansar. Tilsette på psykiatri har vore dels frikjøpte for å jobbe med prosjektet «Kommunalt rusarbeid). Dette prosjektet er finansiert med eksterne midlar, slik at dette har gitt eit mindreforbruk på psykiatrikap. på kr 167.000. Meirforbruket på barnevern er knyt til tiltaksutgifter (kjøp av institusjonsplass utanfor kommunen).

### Eining for omsorg

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Auke inntekter opphaldsbetaling -kr 455.000
- Generelt kutt driftspostar -kr 50.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Nedjustert anslag på opphaldsbetaling +kr 850.000
- Del av sluttoppgjjer einingsleiar +kr 150.000

Eining for omsorg har eit mindreforbruk på kr 83.000. Dette kan i mindre grad knytast til enkeltmoment, men kan oppsummerast slik:

- Inntekter totalt sett kr 461.000 over budsjett.
- Løn totalt sett kr 181.000 i meirforbruk
- Andre driftskostnader totalt sett kr 194.000 i meirforbruk.

Opphaldsbetaling blei justert ned i tertialkontrollane med kr 850.000. Dette på bakgrunn av ledig kapasitet gjennom store delar av året. Dei siste månadene av året blei kapasiteten i større grad teke i bruk, m.a. ved at sal av plassar. Dette gjorde til at opphaldsbetaling/sal av plassar blei kr 115.000 over justert budsjett. Sal av plassar utgjorde kr 236.000. Eininga fekk tilskot til arbeid med digitalisering og kompetanseheving. Utgjorde kr 195.000. Tiltak

finansiert av desse midla blei gjennomført, men blei ikkje innarbeidd i budsjettet, slik at dette framstår som ubudsjetterte inntekter og forklarar delar av meirforbruket på løn, då dette skulle ha vore grunnlag for å auke m.a. vikarpostar. Meirforbruket på andre driftskostnader er i hovudsak knyt til innkjøp av mat på kjøkkenet (kr 96.000) og inventar/utstyr (kr 111.000). Meirforbruket på inventar/utstyr er m.a. knyt til innkjøp av PC-ar, telefonar o.l. som dels kan knytast til digitaliseringsarbeid.

### Eining for teknisk drift

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Utbetring tak kommunehus +kr 300.000
- Sats for tilskot til privat veg auka til kr 12 pr. m. +kr 133.000
- Heilårsdrift Fjoneferja +kr 60.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Mellombels løysing einingsleiar –kr 160.000
- Kostnader ombygningar Kyrkjebygda oppvekstsenter +kr 50.000
- Ekstra brøytekostnader pga. «traktortrøbbel» +kr 100.000
- Vaier og rapport Fjoneferja +kr 70.000
- Opplæring brannmannskap førarkort klasse C - 4 personar +kr 120.000
- Universell utforming Tveit skule/Fleirbrukshuset +kr 190.000
- Tilleggsløyving tak murbygg Tveit skule/tak kommunehus +kr 316.000
- Utbetring himling tak lokstall (samband med forsikringsoppgjjer) +kr 97.000
- Eigenandel forsikringsoppgjjer +kr 50.000
- Auke straumpris +kr 150.000
- Nye dressar brannmannskap +kr 65.000
- Utgifter til skogbrannar – utrykkingar/øydelt utstyr +kr 1.123.000
- Innføring av fast godtgjerlse for bruk av eigen bil, reinhaldarar +kr 67.000

Eining for teknisk drift har eit meirforbruk på kr 1.533.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Meirforbruk brann kr 377.000
- Svikt leigeinntekter kommunale eigedomar 257.000.
- Auke i straumutgifter kr 411.000.
- Meirforbruk løn administrasjon teknisk eining kr 103.000
- Meirforbruk kommunale vegar/Fjoneferja kr 188.000
- Innkjøp av ny vaskemaskin omsorgssenteret kr 91.000
- Meirforbruk feiing/tilsyn kr 104.000

Alle skogbrannane sommaren 2018 førte til store ekstrakostnader både til utstyr, leige av utstyr, løn egne mannskap og løn til hjelpemannskap som måtte leigast inn. Kommunen søkte om skjønnsmidlar til desse ekstraordinære utgiftene og fekk tilsagn på kr 650.000 og ramma til brann blei auka med 1,1 mill. Men dette dekte ikkje alle utgiftene og i tillegg kom det inn ein del utgifter etter at søknadsfrist for skjønnsmidlar var gått ut. Dette er i hovudsak forklaringa på meirforbruket på kr 377.000 på brann. Det har vore tidvis ledige utleigebustader og i tillegg har 2 bustader vore «ute av drift» heile året på grunn av skade. Dette har gjort til at leigeinntektene har blitt lågare enn budsjettert. Straumprisane har auka gjennom heile 2018. Budsjettet blei styrka med kr 150.000 på denne bakgrunn. Men då årsoppgjjeret kom for dei ulike abonnementa syntte dette eit meirforbruk i høve til budsjettet på kr 411.000. I 1. tertial la ein til grunn at det ville bli ein periode med vakanse i stillinga som einingsleiar teknisk. Men rekruttering her syntte seg å gå raskare enn forventa. Dermed blei perioden med vakanse svært kort. Dette gjorde til at lønsutgiftene for einingsleiar blei kr 103.000 høgare enn lagt til grunn i justert budsjett. På kommunale vegar er det eit meirforbruk på kr 188.000. Dette på bakgrunn av høgare brøyteutgifter ved at traktoren var ute av drift ein periode. Dette blei berre delvis teke omsyn til i 1. tertial. I tillegg kom

reperasjonsutgifter på traktoren. I desember oppstod eit akutt behov for å byte ut ei vaskemaskin på omsorgssenteret. Denne kosta kr 91.000. Slike kostnader tek ikkje budsjettet høgde for og det blei på denne bakgrunn eit meirforbruk her. Overføring til Vest-Telemark brannvesen blei høgare enn budsjettert. Å auke gebyra midt i året vart vurdert som lite tilrådelig. Meirforbruket på kr 104.000 blir derfor eit fremførbart underskot som vil/kan bli dekkja inn ved auke i gebyr komande år.

#### Sjølvkost Vatn og Kloakk (sjå også Note 13 i årsrekneskapet)

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet:

- Ramme redusert på bakgrunn av høgare avskrivingsgrunnlag kr 243.000

Dei viktigaste endringane gjennom året:

- Ingen

Sjølvkostområdet VA har eit mindreforbruk på kr 423.000.

Mindreforbruket på rammeområdet på kr 423.000 skuldast høgare kalkulatoriske rentekostnader og høgare avskrivingsgrunnlag enn budsjettert, og dermed mindre avsetnad til sjølvkostfond.

#### Interkommunalt plankontor

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet:

- Auke i eigebetaling/gebyr med -kr 50.000

Dei viktigaste endringane gjennom året:

- Ingen

Plankontoret har eit mindreforbruk på kr 143.000.

Nissedal sin del (38,3%) av nettoutgiftene for drifta av plankontoret blei kr 240.000 mot budsjettert kr 383.000. Ny FKB-kartlegging er ført som investering. Nissedal sin del av første delbetaling i 2018 var kr 63.000. Budsjett la til grunn at FKB-kartlegging skulle førast i driftsbudsjettet. Slik sett er sluttresultatet nær budsjettføresetnadene. Resterande del av mindreforbruket er knyt til løn.

#### Ymse prosjekt

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Ingen

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Reguleringsplan Nisser brygge/Sommarsletta – Tveitsund bru +kr 57.000

Ymse prosjekt har eit meirforbruk på kr 5.000. Dette kan knytast til noko meir annonseutgifter enn budsjettert:

NAV:

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- effekt sosialhjelp for tiltaket "Re-start"/komm. arb.markn.tiltak kr 300.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Unyttede midlar til kvalifiseringsstønning trekt ut -kr 120.000
- Redusert kostnad økonomisk sosialhjelp -kr 180.000

NAV har eit mindreforbruk på kr 289.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Mindreforbruk kvalifiseringsstønning kr 135.000

Ordninga med kvalifiseringsstønning er ikkje nytta i 2018. I 1. tertial blei ca. halvparten av løyvinga trekt ut, men det viste seg at ordninga heller ikkje blei nytta siste halvdel av året. Resterande mindreforbruk er fordelt ut på ulike løns-/driftspostar i budsjettet.

Næring/reiseliv

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var :

- Eigedomsskattelpotten lagt under næring +kr 500.000
- Auke bruk av kraftfondsmidlar -kr 73.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Støtte til hyttemessa i Sandefjord +kr 50.000

Næring/reiseliv har eit meirforbruk på kr 28.000. Storparten av utgiftene innan dette rammeområdet er i utgangspunktet finansiert med øyremerka midlar frå diverse fond. Meirforbruket på næring kan knytast til ny avtale for veg til Jettegrytene, som gjorde til bortfall av kommunen sin del av inntektene (bompengar) sommaren 2018.

## 5. Balansen

### 5.1 Gjeld:

Kortsiktig gjeld var ved årsskifte 35,9 mill. Dette er ein auke på 1,3 mill. frå 2017. Langsiktig gjeld (lån) var ved årsskiftet 171,3 mill. mot 166,4 mill. i 2017, ein auke på 3%.

Utvikling av lånegjeld

Alle tal i tusen	2014	2015	2016	2017	2018
Husbanken	4 358	4 841	7 520	7 185	11 976
Sparebanken Sør	4 094	4 094	3 394	2 694	1 994
Kommunalbanken	94 753	104 362	113 872	137 432	131 222
KLP Kommunekreditt	9 750	9 375	8 625	7 875	15 888
KLP	14 000	13 252	12 252	11 252	10 252
Totalt:	126 955	135 924	145 663	166 438	171 332

Auken i lånegjeld siste 5 år er i all hovudsak knytt til VA-anlegg. Nissedal kommune har vedtak om 100 % dekningsgrader innan desse sjølvkost-regulerte områda, og auken i lånegjeld skal difor ikkje påverke handlingsromet for anna kommunal drift. Kommunalbanken har dei siste åra vore hovudbank på innlån for kommunen.

### 5.2 Arbeidskapital (note 1 i rekneskapen)

Kommunen sin arbeidskapital kjem fram av sum omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen fortel om i kva grad kommunen er i stand til å dekkje laupande utgifter.

Arbeidskapital

Alle tal i 1000	2014	2015	2016	2017	2018
Arbeidskapital	41 606	40 367	49 423	56 521	50 597

Arbeidskapitalen har i 2018 blitt redusert med 5,9 mill. Dette heng saman med reduksjon i omløpsmedel på 4,6 mill., samstundes som kortsiktig gjeld auka med 1,3 mill. Nedgangen i omløpsmedel kan i hovudsak forklarast med reduksjon i unyttå lånemedel på 1,3 mill., og nedgang i fondsmidlar på 2,7 mill.

### 5.3 Utestående fordringar

Utvikling av kommunale krav. (Som er sendt gjennom faktureringssystemet)

Alle tal i 1000	2014	2015	2016	2017	2018
Sum restanse	420	1 177	497	772	909
Eldre enn 6 mnd	45	28	12	30	14

Restansar totalt er auka med kr 137.000, men restansar eldre enn 6 mnd. er redusert med kr 16.000. Den største summen av restansar er kommunale avgifter (inkl. eigedomsskatt). Siste termin forfaller rett før jul. Dette gjer til at forfalt sum ved årsskifte er såpass høg.. Skuldig sum fordeler seg til kommunale avgifter med kr 698.000, husleiger kr 69.000, barnehage/SFO kr 98.000, legerekningar kr 12.000, omsorg/Kåsa kr 4.000, kultur 1.000, fellestenesta 8.000 og gebyr plankontoret kr 19.000.

Det som er særst viktig er utviklinga på eldre restansar og her viser tabell over at nivået jamt over er særst lågt. I 2018 blei krav for kr 17.000 avskrivi. Dette er ein nedgang i høve til 2017 på kr 4.000. Krav som blei avskrivi er i hovudsak husleige og legerekningar.

## 5.4 Fond

Kommunen sine fond er delt inn i 4 ulike grupper.

BDF (bundne driftsfond) som normalt er avsetjingar eller bruk til øymerka føremål bestemt av gjevaren. UBIF (ubundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar som kommunen sjølv har sett av til føremål i investeringsrekneskapen. BIF (bundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar brukt i investeringsrekneskapen til øymerka føremål. DF (disposisjonsfond) som normalt er avsetjingar til føremål bestemt av politikarane og bruken kan skje både i investering- og driftsrekneskapen. (sjå note 7 i rekneskapen).

Utviklinga i fondsbeholdning dei siste åra. (Alle tal i tusen)

	2014	2015	2016	2017	2018
Bundne driftsfond	24 277	26 760	29 496	28 057	26 825
Ubundne investeringsfond	2 244	2 179	0	262	262
Bundne investeringsfond	452	338	1 622	2 050	512
Disposisjonsfond	0	0	4 226	10 274	10 386
SUM	26 973	29 277	35 344	40 643	37 985

Tabellen syner at samla fondsbeholdning er redusert med 2,7 mill. Nedgangen er i hovudsak knyt til bundne driftsfond og bundne investeringsfond. Disposisjonsfond er i sin heilhet felles buffer. At ein har klart å bygge opp ein økonomisk buffer gjer kommunen betre i stand til å handtere uføresette moment i drifta. Kommunen har ei stor fondsmasse der kraftfond utgjer "hovudtyngda".

## 6. Rapport – Finansforvaltning

Vedteke finansreglement med rutinar seier at det i årsrapporten skal rapporterast i høve til finansforvaltninga for heile året. Det blei teke opp to nye lån i 2018. Eit lån på 8,8 mill. i KLP-banken knytt til vedtekne investeringar og eit lån i Husbanken på 5 mill. til vidareutlån gjennom ordninga Startlån. I samband med låneopptaket i Husbanken blei alle eksisterande lån i Husbanken re-finansiert i saman til eit lån.

Rapportering for passiva:

	31.12.2018		
	Mill. kr	%	Dur.
Lån med pt rente (vekta gj.sn.)	171,3 mill.	1,75%	
Lån med 3 mnd. NIBOR	0		
Lån med fast rente	0		
Finansiell leasing	0		
Samla langsiktig gjeld	171,3 mill.		
Effektiv rente (vekta gj.sn.)	1,75%		
Avkastning (kostnad) benchmark (ST4X)	(ikkje aktuelt)		
Tal på enkeltlån	10		
Største enkeltlån	77,7 mill.		

## Rapportering for midlar til driftsføremål:

	31.12.2018		
	Mill. kr	%	Dur.
Innskot hjå hovudbank	55,0	1,07%	
Innskot andre bankar	0		
Samla kortsiktig likv.	0		
Avkastning 2018	0,62		
Avkastning ref. indeks (ST1X)	Ukjent		
Stadfesting av enkeltexponering ≤ 2% av forvaltningskapital	Ikkje aktuelt		
Stadfesting av enkeltpapir ≤ 15 mnd. Løpetid.	Ikkje aktuelt		
Største tidsinnskot	11,8 mill. (1,07% gj.sn.)		
Største enkeltpapirplassering	Ikkje aktuelt		

Alle lån er jf. finansreglementet teke opp med flytande rente. Dette gjer til at kommunen er sårbar for renteendringar på innlån. Lån vert i hovudsak teke opp med ei nedbetalingstid på 30 år. Utover at lån berre skal takast opp med flytande rente, legg gjeldande finansregelment opp til ei sær s låg risikoeksponering. Gjeldande reglement er etterlevd i 2018 og kommunen har derfor fortsatt ein låg risikoeksponering. Det er ingen avvik å rapportere om mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet. I høve til innskot er dette plassert i Sparebanken Sør. Det er ikkje gjort nærare analyser av kor konkurransedyktige dei rentevilkåra ein har på innskot er.

## 7. Likestilling

### 7.1 Kjønnfordeling

Kjønnfordeling (fordeling kjønn pr. org. eining)	2016		2017		2018	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Ordfører/Leiargruppe (einingsleiar, kommunalsjef, Rådmann, plansjef, NAV-leiar - inngår og i tala under)	41,7%	58,3%	41,7%	58,3%	41,7%	58,3%
Felles/rådmann/ordfører/tillitsvalte	64,7%	35,3%	64,7%	35,3%	64,7%	35,3%
Eining for skule	72,9%	27,1%	75,9%	24,1%	82,5%	17,5%
Eining for barnehage	97,2%	2,8%	97,4%	2,7%	95,5%	4,5%
Eining for kultur	36,4%	63,6%	30,8%	69,2%	40%	60%
Eining for helse og habilitering	81,0%	19,0%	83,6%	16,4%	80,4%	19,6%
Eining for omsorg	100,0%	0,0%	98,3%	1,7%	97,1%	2,9%
Eining for teknisk drift	21,9%	78,1%	24,2%	75,8%	26,5%	73,5%
Plankontor	50,0%	50,0%	50%	50%	50%	50%
<b>Totalt heile kommunen</b>	<b>74,9%</b>	<b>25,1%</b>	<b>75,6%</b>	<b>24,4%</b>	<b>77,2%</b>	<b>22,8%</b>

(Tilsette i NAV har sitt tilsetjingsforhold i staten)

I Nissedal kommune er det i dei fleste einingane kvinner som utgjør fleirtalet og ein ser det held seg nokolunde stabilt på  $\frac{3}{4}$  med kvinner og  $\frac{1}{4}$  menn. På kultur, teknisk og leiargruppe er det overvekt av menn. Dette er nok i grove trekk same bilete som i dei fleste kommunar i landet. Ein ser at nokon einingar skil seg ut med å ha ein særskild fordeling. Plankontoret utmerkar seg med ei særskild jamn fordeling. Kommunen kan bli betre til å oppmøte menn til å søkje stillingar innan fagområde der kvinner er i fleirtal og motsett der menn er i fleirtal.

### 7.2 Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid

Timar:	2016		2017		2018	
	Overtid	Ubkv. arb. tid	Overtid	Ubkv. arb. tid	Overtid	Ubkv. arb. tid
Felles/rådm./till.v./ordf/næring	0	6	16	59	3	399
Eining for skule	3	0	0	0	0	0
Eining for barnehage	19	818	50	984	90	929
Eining for kultur	0	1.303	0	1.451	0	1.629
Eining for helse/habilitering	250	31.959	347	31.987	725	31.134
Eining for omsorg	615	37.553	1.029	38.034	841	36.603
Eining for teknisk drift	945	0	942	0	1.773	0
Plankontor	0	0	0	0	0	0
<b>Totalt heile kommunen</b>	<b>1.832</b>	<b>71.639</b>	<b>2.384</b>	<b>72.515</b>	<b>3.432</b>	<b>70.694</b>

Tabellen syner tal på timar det er utbetalt overtid (50%, 100%, 133%) fordelt pr. eining. Ubekvem arbeidstid vert her definert til å vere timar det er utbetalt laurdag/sundagstillegg, kveld/natttillegg, heilagdags/høgtidstillegg. Det er ein auke i bruk av overtid og det er helse/habilitering og teknisk som står for storparten av denne veksten. Bakgrunnen for på teknisk er i hovudsak kommunal veg/brøyting. For helse og habilitering er auken knytt til utfordringar å skaffe vikarar ver fråvæer og at dette må løysast ved bruk av overtid. Naturleg nok er det einingane som har heildøgns drift som har størst innslag av ubekvem arbeidstid og overtid. På bakgrunn av at desse 2 einingane og har hovudsakleg kvinnelege tilsette er det og ei stor overvekt av kvinner som må jobbe overtid og ha ubekvem arbeidstid.

### 7.3 Lønsvivå

Lønsvivå – Kjønn	2016		2017		2018	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Felles/rådm./till.v./ordf.	Kr 418 900	Kr 651 750	Kr 417.682	Kr 667.950	Kr 432.045	Kr 684.283
Eining for skule	Kr 480 502	Kr 499 530	Kr 487.320	Kr 507.650	Kr 489.047	Kr 544.910
Eining for barnehage	Kr 409 357	Kr 290 300	Kr 425.119	Kr 299.800	Kr 427.676	Kr 420.000
Eining for kultur	Kr 484 500	Kr 461 200	Kr 504.800	Kr 469.133	Kr 451.000	Kr 462.744
Eining for helse og hab.	Kr 412 150	Kr 436 318	Kr 440.047	Kr 446.950	Kr 447.604	Kr 458.355
Eining for omsorg	Kr 420 458	-	Kr 432.154	Kr 333.300	Kr 425.304	Kr 522.600
Eining for teknisk drift	Kr 389 800	Kr 452 704	Kr 399.675	Kr 484.248	Kr 437.033	Kr 491.824
Plankontor	Kr 503 666	Kr 577 666	Kr 517.367	Kr 593.667	Kr 529.367	Kr 612.333
<b>Tot. heile kommunen</b>	<b>Kr 428 563</b>	<b>Kr 481 412</b>	<b>Kr 444.756</b>	<b>Kr 497.490</b>	<b>Kr 445,846</b>	<b>Kr 484.444</b>

(Snittløn vert rekna uavhengig av stillingsstorleik).

Snittløn for heile kommunen (menn og kvinner samla) er kr 454.624.. Dette er faktisk omlag kr 3.000 lågare enn i 2017. Tal på tilsette er auka med 15 personar frå 2017 til 2018. Ein vesentlig del av dei tilsette som utgjer denne auken, må fylgjelig vere tilsette med løn under snittløn i kommunen. I tillegg kan og noko av forklaringa vere rekruttering av personell med lågare ansiennitet enn dei som har slutta.

Tala er berekna utifrå årsløn i 100% stilling. Det er berre teke omsyn til fast grunnløn. Ingen tillegg (faste/variable) er teke med i grunnlaget. Som ein ser ligg gjennomsnittsløna for menn over kvinner, totalt for heile kommunen. Lønsskilnaden på kvinner og menn i kroner har på 3 år blitt noko redusert. I 2016 var gjennomsnittleg løn for kvinner 89% av gjennomsnittleg løn for menn og i 2017 var gjennomsnittleg løn for kvinner 89,5% av gjennomsnittleg løn for menn. For 2018 utgjer snitt-løn kvinner 92% av snittløn for menn. I fleire einingar er det få tilsette i kjønnsgruppa det er færrast av, og lønsvivået heng då direkte saman med ei konkret stilling. Lønsvivået må sjåast opp mot talet på tilsette i dei ulike kompetanse-gruppene i kvar eining. Menn er betydeleg overrepresentert blant t.d. ingeniørar, og kvinner er betydeleg overrepresentert blant ufaglærte og assistentar.

## 7.4 Stillingsbrøk

Stillingsbrøk – Kjønn	2016		2017		2018	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Felles/rådm./till.v./ordf.	72,3%	91,3%	73,3%	88,7%	66,4%	88,7%
Eining for skule	80,8%	72,3%	80%	68,9	70,4%	91,3%
Eining for barnehage	80,8%	100%	81,2%	100%	76,5%	100%
Eining for kultur	63,8%	39,3%	61,4%	37,5%	41,3%	36,1%
Eining for helse og habilitering	60,4%	54,9%	62,9%	46,4%	65,6%	58,6%
Eining for omsorg	69,5%	-	66,8%	75%	54,2%	87,5%
Eining for teknisk drift	82,7%	31,3%	85%	32,1%	86,7%	31,3%
Plankontor	96%	100%	100%	100%	93,3%	100%
<b>Tot. heile kommunen</b>	<b>72,3%</b>	<b>53,8%</b>	<b>72,5%</b>	<b>51,8%</b>	<b>65,8%</b>	<b>56,9%</b>

Gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen (kvinner og menn i saman) er 63,8% mot 67,4% i 2017.

Jf. tabellen har menn ein lågare stillingsandel enn kvinner. Ein viktig faktor her er deltidsbrannvesenet, som har 16 menn tilsett i 1,4% stilling. Dette gjer utslag på totaltala. Ved å korrigere for dette er gjennomsnittleg stillings-% for menn, 74%, som er ca. 8 prosentpoeng høgare enn gjennomsnittet for kvinner. Gjennomsnittleg stillings-% har i 2018 blitt redusert for kvinner og gått noko opp og for menn. Ein har ikkje talmateriale som seier noko om kor stor del av dei som går på deltid som ønskjer større stilling. Det er ikkje fullt ut teke omsyn til at fleire tilsette har tilsetjingsforhold i meir enn ei eining. Dette gjer til at gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen reelt sett er noko høgare enn tala over viser. Både arbeidsgjevar og tillitsvalte har som målsetting å redusere bruken av deltid, men i stor grad er bruken av deltid i kommunen frivillig.

## 7.5 Vidareutdanning – kompetanseheving

I budsjettet for 2018 var det avsett felles opplæringspott på kr 350.000. Denne potten blei fordelt av AMU i sak 1/18 slik:

Eining for skule – vidareutdanning lærar kr 180.000

Eining for teknisk – fagkurs kr 50.000

Eining for helse og habilitering – fagkurs/vidareutdanning kr 70.000

Totalt blei det brukt kr 790.000 til opplæring/kurs/møteutgifter totalt i kommunen. Dette opp mot budsjettet kr 1.075.000.

## 7.6 Etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Kommunen har ingen vedteke strategi kring dette. Ein har heller ikkje gjort nokon form for kartlegging av tilsette i høve til etnisitet. Blant kommunen sine tilsette finnast fleire med utanlandsk bakgrunn. Men rekruttering skjer på bakgrunn av ordinær vurdering av kompetanse m.m. og ikkje på bakgrunn av kvotering eller andre vedtekne rekrutteringsstrategiar.

## 8. Fråvær

Sjukefråvær:	2014	2015	2016	2017	2018
Felles/rådm./till.v./ordf.	3,07%	7,22%	2,10%	6,29%	4,82%
Eining for skule	3,27%	2,76%	5,66%	7,84%	4,85%
Eining for barnehage	9,29%	8,94%	9,05%	8,31%	5,2%
Eining for kultur	3,32%	1,03%	2,79%	1,2%	1,11%
Eining for helse og hab.	3,19%	4,46%	8,18%	4,29%	1,66%
Eining for omsorg	6,84%	9,26%	7,37%	9,71%	7,87%
Eining for teknisk drift	2,74%	8,44%	12,5%	4,35%	8,22%
Plankontor	1,25%	2,43%	7,82%	2,09%	1,11%
Sjølvkost vatn/kloakk	1,02%	0,34%	1,22%	0,95%	3,17%
Næring			1,03%	0,42%	2%
<b>Totalt heile kommunen</b>	<b>4,86%</b>	<b>5,92%</b>	<b>7,21%</b>	<b>6,83%</b>	<b>4,88%</b>

Etter 3 år der ein ikkje har klart å kome under IA-målet om å ikkje overstige 5% i sjukefråvær, så har ein i 2018 klart å oppnå IA-målet i høve til sjukefråvær. Sjukefråværet i 2018 var samansett av kortidsfråvær på 1,71% og langtidsfråvær på 3,17% (langtidsfråvær er frævær utover arbeidsgjevarperioden på 16 dagar). Ei nedgang i sjukefråværet på 2 prosentpoeng (30%) må seiast å vere ein bra utvikling.

## 9. Etisk standard

Kommunen har utarbeidd etiske retningsliner, som er vedteke i K-sak 26/08. Etiske retningsliner blir gjort kjend for nye tilsette og ligg tilgjengeleg på intranett, som del av personalhandboka. Leiarforum nyttast til å diskutere praktisering av etiske retningsliner.

## 10. Årsverk/løn/revisjon

Oversikt over utvikling av årsverk siste 3 år:

	2016	2017	2018	Utv. 2016-2018
Ordførar	1,00	1,00	1,00	0
Rådmann/felles/næring	12,43	12,38	12,42	-0,01
Eining for skule	37,67	44,84	42,23	4,56
Eining for barnehage	29,28	31,04	34,14	4,86
Eining for kultur	5,30	5,82	5,72	0,42
Eining for helse og hab.	34,43	36,71	35,97	1,54
Eining for omsorg	38,25	38,15	38,64	0,39
Eining for teknisk drift	13,61	14,82	15,62	2,01
Plankontor	5,88	6,00	5,80	-0,08
<b>Totalt heile kommunen</b>	<b>177,85</b>	<b>190,76</b>	<b>191,54</b>	<b>13,69</b>

Talet på tilsette ligg etter måten høgt i Nissedal kommune og kan i grove trekk forklarast med ein desentralisert struktur, ressurskrevjande brukarar og mange tilsette innan eldreomsorg. Av veksten i årsverk frå 2016 på 13,6 stillingar er 9,4 stillingar knyt til skule/barnehage. Ein stor andel av dette kan knytast til spesialpedagogiske tiltak. På teknisk er i hovudsak veksten knyt til stillingar innan VA.

Oversikt over løn toppleing:

Årleg godtgjersle til ordførar var pr. 31.12.18 kr 789.300, og utgjør 85 % av godtgjersla til ein stortingsrepresentant. Rådmannen si årsløn pr. 31.12.18 var kr 820.000.

Revisjon:

Utgifter til revisjon utgjorde kr 415.332 for 2018. I tillegg til revisjon av kommunerekneskapen dekker dette beløpet revisjon av fellesrådet, overformynderi og forvaltningsrevisjon. Det er ikkje spesifisert fordeling mellom revisjon og rådgiving. Utgifter til kontrollutval-sekretariat utgjorde kr 98.900 for 2018.

## 11. Vurdering av endring i økonomisk situasjon/utvikling.

Budsjettet for 2018 blei vedteke med eit negativt netto driftsresultat på -2,94%. Dette blei endra til eit sluttresultat på negativt netto driftsresultat på -0,6%. Denne utviklinga med at rekneskapen syner eit mykje betre resultat enn kva ein har lagt til grunn under utarbeiding av budsjett har gjentatt seg 4 år på rad. Dette har agt grunnlag for å bygge opp att ein økonomisk reserve, slik at ein ikkje er så sårbar for uforutsette utgifter eller negative endringar i økonomiske føresetnader. Ein kunne dermed seie at dette indikerer at kommuneøkonomien i Nissedal er "friskmeldt" etter nokre år tidlegare, der ein har bruka opp alle økonomiske reserver.

Gjeldande økonomiplan, som blei vedteke i desember 2018, gir eit bilete av den økonomiske utviklinga med ei utfordring med balanse i drifta utover i planperioden. Dette særleg på bakgrunn av utfasing av den positive effekten integreringstilskot flyktningar har hatt på budsjettbalansen og mange spesialpedagogiske tiltak i skule/barnehage. Dette er moment som framleis er gyldige og ein vil dermed framleis innrette økonomistyringa med sikte på at det økonomiske handlingsrommet i komande planperiode ikkje blir utvida.

Dei store investeringane innan VA skal i utgangspunktet dekkast innanfor prinsippet om sjølvkost. Potensialet for nye abonnentar og inntektsauke er stort, og det vert ikkje vurdert som stor risiko for at anna kommunal drift må subsidiere desse tenestene. Utvikling av nivå på VA-gebyra siste åra er ei stadfesting av dette. Men det er viktig å understreke at driftsbudsjettet på VA i 2018, går med ca. 2,1 mill. i «underskot» (bruk av sjølvkostfond), og at det innan rimeleg nær framtid kan bli aktuelt å måtte justere opp VA-gebyra.

Totalt sett vurderer ein den økonomiske stoda framleis som stram, men under kontroll.

---

Sverre Sæter  
Rådmann  
Treungen 2. april 2019

## 12. Aktivitetsnivået på utvalde område:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Kommunestyresaker (m)	81(9)	104(8)	108(10)	108(9)	89(8)	87(8)
Formannskapssaker (m)	132(14)	165(15)	125(13)	170(16)	152(12)	144(13)
Administrasjonsutv.s.(m)	12(4)	10(5)	3(2)	7(4)	11(4)	9(4)
Arbeidsmiljøutv.s.(m)	32(10)	30(8)	15(5)	14(5)	14(4)	11(4)
Kontrollutvalsaker (m)	20(4)	20(4)	23(4)	33(4)	34(4)	25(4)
Besøktal turistinformasjon	1.707	1.717	1.964	1.491	2 150	2470
Elevtal grunnskule	151	144	155	165	172	179
Årstimar til undervisning	16.631	13.528	15.149	16.483	15.780	16.619
Barnehageborn	77	85	82	78	85	85
Bokutlån	5.333	5.607	6.603	7.327	7.614	.
Besøk biblioteket	6.424	6.610	6.918	7.115	7.200	.
Kultur- og musikkskulen t/v	18,24	20,8	22,8	21,27	21,67	23,82.
Kultur- og musikkskulen elevtal (dans i tillegg frå 2012)	53	50	55(+52 danserar i 6mnd)	56(+31 danserar i 6mnd)	58(+31 danserar i 6mnd)	61 (+26 danserar i 6 mnd.
Kulturskuletimen	45	45	25	29	48	55
Barnevernstiltak (tal - barn)	24	20	13	17	12	9
Vedtak pleie og omsorg	190	162	206	248	217	171
NOS 19 plass+1akuttrom Sal plassar (døgn/pas.) Liggedøgnstatistikk.	160/4 96,95%	185/4 95,00%	3/1 104,0%	26/2 100,3%	3/1 95,23%	83/5 79,75%
Dødsfall på institusjonen	13	11	10	11	6	11
- Brukarar som mottar heimesjukepleie	62	63	73	64	71	78
Delegerte vedtak byggesaker, etter PBL, §20- 3 og 20-4	102	95	118	158	146	124
- Nye frådelingar	84	46	91	90	121	76
- Godkjente reguleringsplanar	0	4	3	2	1	1
Brannutrykkingar	8	5	16	17	16	Kristin

## 13. Handlingsdelen

Visjon for Nissedal kommune

NISSEDAL VIDARE.....

### Hovudmål for Nissedal kommune:

- Nissedal kommune, ein kommune med folketal i vekst i alle delar av kommunen
- Nissedal kommune har god plass for alle og er eit trygt lokalsamfunn
- Kommunen driv eit aktivt og nyskapande næringsarbeid for eit allsidig og veksande næringsliv, til nytte og glede for fastbuande, hytteturistar og andre
- Kommunen legg dei lokale folkehelseutfordringane til grunn for planar, førebyggjande tiltak og tidleg innsats på alle område
- Aktivt kulturarbeid gir trivsel og identitet
- Innbyggjarane i Nissedal er stolte av kommunen sin
- Nissedal kommune legg krav til universell utforming til grunn ved all planlegging
- Nissedal kommune tilbyr tenester av høg kvalitet
- Barn og unge sine oppvekstvilkår er svært gode
- Kommunen sine levereglar er den viktigaste rettesnora for å nå utarbeidde mål
- Kommunen samverkar godt på tvers av fagområde og einingar i og utanfor kommunen.

### Levereglar for Nissedal kommune:

Kommunestyret har vedteke følgjande levereglar for tilsette og politikarar i Nissedal kommune.

Vi skal vere:

- Rause
- Tydelege
- Opne og ærlege
- Oppgåveorienterte
- Imøtekomande og blide
- Stolte av arbeidsplassen og arbeidet vi utfører
- Samarbeidsviljuge og syne kvarandre resepekt og omtanke

## 13.1 Sentral leiging

### Kommuneplanen sine mål:

Sentral leiging ser til at heile kommuneorganisasjonen jobbar i retning av og i tråd med kommunen sine overordna mål.

- Sentral leiging samordnar dei tilboda kommunen gir, slik at innbyggjarane får best mogleg tilbod.
- Sentral leiging samordnar dei ressursane kommunen rår over, slik at organisering, kompetanse og teknologi er best mogleg tilpassa dei behova kommuneorganisasjonen har.
- Sentral leiging legg til rette for eit godt arbeidsmiljø i heile organisasjonen, som blir synleggjort gjennom effektive og gode tenestetilbod for alle.
- Sentral leiging er pådrivar for vidare arbeid med å vere eit "trygt lokalsamfunn". I dette ligg både ei satsing på beredskapsarbeid frå sentral leiging si side, og samstundes eit ønske om å følgje dei godkjenningane som ligg i ordninga "trygt lokalsamfunn".
- Sentral leiging er pådrivar for at folkehelsearbeidet vert teke omsyn til i alle planar og einingar.
- Sentral leiging syter for at fellesrådet får føreseielege rammevilkår å jobbe under.

### Fokusområder

- Skape eit økonomisk handlingsrom
- Rullering av Kommuneplanen
- Folkehelse i all kommunal drift

### Vidareføring av etablert drift:

#### Generelt

Gjennom heilskapleg tenking, på tvers av fag og organisering, skal dei kommunale tenestene vere av høg kvalitet.

Politisk nivå skal gjennom saker/informasjon/god dialog få eit godt grunnlag for å fatte vedtak, og gjennomføring av politiske vedtak skal skje så raskt som mogleg.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018

- Halde fram med å vurdere den administrative organiseringa  
Sak til kommunestyret i mai etter drøfting i utval heile første tertial
- Revidere kommuneplanen sin samfunnsdel  
Revidering av kommuneplanen sine to delar (samfunn og areal) bør gjerast i samanheng. Ulike kapasitetsomsyn har gjort at Rådmannen har utsett oppstart av planprogrammet for samfunnsdelen til 2019. Samla sett vert det vurdert som best å utsette revidering av samfunnsdelen til neste år.
- Få økonomiplanen i realistisk balanse  
Utarbeiding av økonomiplan har fått lite merksemd i dei siste budsjettprosessane. Det har blitt mest fokus på neste års budsjett. Under utarbeiding av økonomiplanen i budsjettprosess i haust fekk ein løfta fram økonomiplanen i større grad enn tidlegare. Men prosess kring utarbeiding av økonomiplan er nok noko ein bør jobbe meir/vidare med.
- Vurdere om gjeldande kommunstyrereglement er dekkande i forhold til kommunelova § 40 nr. 5.  
Eige reglement for folkevalde sin innsynsrett vedteke i juni-møte (k-sak 48/18).  
Vedteke reglement bygger på framlegg til standardreglement.

### **Arbeidsgjevar-politikk**

Kommunen skal vere ein god arbeidsplass i alle fasar av tilsette sitt arbeidsforhold. Gjennom oppdaterte reglement, retningslinjer og rutinar skal kommunen ha ein tydeleg personalpolitikk, med fokus på eit godt samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta. Sentral leiing har eit spesielt ansvar for at det vert gjennomført vernerundar og medarbeidersamtalar, og at HMS er i eit skarpt fokus i heile organisasjonen.

Planmessig kompetanseutvikling og rekruttering skal sikre naudsynt kompetanse i organisasjonen.

Som IA-bedrift skal kommunen opplevast som ein inkluderande arbeidslivsbedrift som arbeider i retning av IA-avtalen sitt overordna mål: å førebygge og redusere sjukefråvær, styrkje jobbnærværet, betre arbeidsmiljøte og hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet

Sjukefråværet var 4,86 % for heile kommunen i 2014. I 2016 var fråvære på 7,21%. Målsettinga for 2018 er å redusere fråværet til same låge nivå som i 2014.

### **Spesielle tiltak/endingar i 2018**

- Utgreie arbeidsretta, kommunalt tiltak for utsette grupper  
Tiltaket er mynta på menneskje med låg eller ingen formalkompetanse, og skal gjennom eit løp i ei av tenesteeiningane våre kunne lede fram til eit kompetansebevis. Me er i gang med to individløp, og har samarbeid med både OKOS og Nav. Eit tredje løp vert det jobba vis a vis Okos. I dette løpet er det ei særskilt hinder med manglande grunnskule.

Det meste av løyvinga er planlagt brukt til å løne kandidatane. Me ynskjer å legge oss på om lag same nivå vilkårmessig som lærlingar. Ved utgangen av 2. tertial er det brukt omlag 75 % av løyvinga.

Tiltaket vert avslutta ved årsskiftet 2018/2019.

### **Informasjon til publikum**

Nissedal kommune skal vere i aktiv dialog med innbyggjarane og prioritere høgt å gje dei svar på dei spørsmål dei måtte ha. Aktiv bruk av heimesidene til kommunen og Facebook er eit viktig bidrag i denne samanheng.

### **Regionalt samarbeid og utvikling**

Nissedal kommune deltek i mange ulike samarbeid, både i form av etablert tenesteyting og meir utviklingsretta prosjekt. Kommunen skal vere ein aktiv part i det regionale samarbeidet i Vest-Telemark generelt, og i dei interkommunale samarbeida spesielt.

### **Spesielle tiltak/endingar i 2018**

- Utgreie felles nav-kontor med Kviteseid kommune  
Kommunestyret har vedteke at Nissedal skal vere ein del av eit felles nav-kontor i Vest-Telemark med oppstart 1.1.2020. Året før skal Nav Nissedal og Nav Kviteseid vere samlokalisert i Kviteseid.

### **Risiko- og sårbarheit – beredskapsplanar**

Gjennom ein samla beredskapsplan skal kommunen vere førebudd på hendingar og kriser som krev særskilde tiltak for å oppretthalde tenesteyting og/eller handtering av publikum, pårørande eller andre. Overordna risiko- og sårbarhetsanalyser skal til ei kvar tid vere oppdatert, og ligge til grunn for beredskapsplanen.

## 13.2 Fellestenesta

### Kommuneplanen sine mål:

Fellestenesta skal prioritere service til publikum og tilsette.

### Sentrale lovverk og planar med overordna fokus:

Kommunelova  
Kommuneplanen  
Økonomiplan, budsjett og handlingsprogram  
Plan for kriseleiing og beredskap

### Vidareføring av etablert drift:

### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus i fellestenesta:

Kommunelova  
Offentlegheitslova  
Arkivlova  
Forvaltningslova

Fellestenesta er ein stabsfunksjon som i stor grad yter interne tenester i organisasjonen, men også diverse tenester ut mot publikum. Fellestenesta er m.a. tillagt ansvar for arkiv og postrutinar, sentralbord og resepsjon, lønskontor, fakturering og innkrevjing, drift av heimeside, møtebehandling og saksdokument og merkantile personaloppgåver. Gjennom god kompetanse, heilheitleg perspektiv, fleksibel haldning og god dialog med resten av organisasjonen, skal fellestenesta bidra til at organisasjonen fungerer effektivt i dagleg drift.

### Spesielle tiltak/endringar i 2018

- Innføring av ny versjon av faktureringsprogrammet, som betrar/effektiviserar arbeidet kring tilbodet om 12 terminar på eigedomsskatt/kommunale avgifter for dei som har efaktura og/eller avtalegiro. Ein vil då og marknadsføre dette tilbodet endå betre. System-leverandør har ikkje klart å ha ny versjon klar slik det opphavleg var lova. Innføring av ny versjon vil krevje installering, konvertering og opplæring. Dette vil skje 1. halvår 2019. Innføring av ny versjon vil skje i dialog med IATA.
- Fullføre innføringa av heimelsregister og etablere gode rutiner for vedlikehald av etablert heimelsregister. På bakgrunn av sjukefråvær og byte av personell på lønskontoret har dette arbeidet ikkje blitt prioritert. Ein har nå fått stabilitet att på dette området og vil ta opp att dette arbeidet att. Vil bli teke opp att i 2019.
- Utvide mottaket av post/meldingar inn til kommunen til å omfatte fleire "kanalar" ("Svar inn" og meldingsteneste på heimeside). "Svar inn", e-dialog og direktekommunikasjon med Husbanken sitt skjemavelde er innført.

## 13.3 Andre stabsfunksjonar

### 13.3.1 Ikt

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan ikt:

Personopplysningslova og personopplysningsforskrifta  
Forskrift om IT-standarder i offentlig forvaltning  
Norm for informasjonssikkerhet  
Ikt-strategi for Vest-Telemark

#### Vidareføring av etablert drift:

Strategisk arbeid med ikt er organisert som stabsfunksjon. Dagleg drift av infrastruktur, rådgjeving og utviklingsarbeid vert i stor grad utført av ekstern tenesteleverandør, Aspit AS, i eit samarbeid med Fyresdal kommune og Seljord kommune. Ikt-strategi for Vest-Telemark legg opp til at mykje av dei strategiske vala innan ikt skal gjerast gjennom regionale prosjekt, der standardisering er ein overordna målsetnad. Nissedal kommune har ikkje ein eigen ikt-strategi.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018

- Etablere ny avtale om ikt-drift, då dagens avtale opphøyrer 01.04.2018, herunder:
  - gjennomføre risiko- og sårbarhetsvurderingar både ut i frå informasjonstryggleik generelt, og for personvern spesielt
  - gjennomgang av lisens-strategi

Det vart i 1.tertial rapportert om at ny driftsavtale var tildelt Aspit AS. Overgangen til ny avtale innebar ein del oppgradering av infrastruktur og driftssenter. Dette er i stor grad gjennomført, utan at det har hatt konsekvensar for tenesteproduksjonen i kommunen.

Arbeidet med å kartlegge og vurdere behandling av personopplysningar har halde fram. Rådmannen har kome til at det ikkje er tilrådeleg å bygge eit eige internkontrollsystem basert på Intranettet og ePhorte, slik ein fyrst såg føre seg, men i staden sluttar seg til eit felles val i Vest-Telemark om å nytte Compilo internkontroll. Dette er eit system som i fyrste omgang er tenkt til HMS og sikring av personopplysningar, men kan også nyttast som kvalitetssystem innan organisasjon og tenester. Kostnaden estimerast til kr 80.000 eks.mva. Det er påbyrja eit prosjekt «orden i eige hus» på regionalt nivå, der føremålet er å utvikle verktøy for å ha oversikt over informasjonsbehandlingar i den enkelte kommune.

Saman med Aspit AS og Atea AS har ein vurdert ulike modellar for Microsoft-lisensiering og konkludert med ein kjøps-modell, jf. Ksak 37/18.

- Deltaking i KS sin *finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt* med kr 20 pr. innbyggjar  
Deltaking er stadfesta av KS, men elles er det ikkje skjedd noko på dette punktet.
- Aktiv deltaking i arbeidet med ein felles digitaliserings-strategi i Vest-Telemark  
Drøftingar av dette har i all hovudsak skjedd i rådmannskollegiet og Vest-Telemarkrådet, og det er nå tilsett prosjektleiar-stilling med Vest-Telemarkrådet som arbeidsgjevar.
- Sjå på avtale for telefoni, for å sikre oppetida på ein betre måte  
Rådmannen ser dette punktet opp mot dei, til dels alvorlege, avvika ein opplevde i 2017. Årsaka til desse synte seg å vere ein teknisk feil som var enkel å rette, når ein endeleg fann den. Den tekniske installasjonen er endra slik noverande driftsleverandør har tilrådd, og telefonisystemet har vore i stabil drift i lengre tid nå.

### 13.3.2 Næring

#### Kommuneplanen sine mål:

**Styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv for å vere attraktiv for busetjing og reiseliv. Nissedal skal framleis vere ein Ja-kommune der ulike regelverk skal nyttast for å sjå moglegheiter – ikkje hindringar.**

- Ha eit tettare samarbeid med næringsdrivande og frivillige lag og organisasjonar
- Leggje til rette for attraktive bustad- og næringsstomter/næringsareal i alle grender
- Arbeide for ei styrka identitetskjenne og merkevarebygging
- Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur
- Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme
- Leggje til rette for kompetanseheving lokalt
- Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan næring:

Strategisk næringsplan for Nissedal  
 Vedtekter for kraftfond og næringsfond  
 Strategisk næringsplan for Vest-Telemark 2011-2014, med vidareføring av felles satsingar  
 Samarbeidsavtale med Telemark fylkeskommune  
 Handlingsplan for kommunalt KMD-fond  
 Småkommuneprogrammet  
 Rapport frå bu- og næringsutvalet i Nissedal kommune

#### Vidareføring av etablert drift:

Næringsarbeid er eit utviklingsarbeid der satsingsområda er satt opp i kommuneplanen sine mål. Det jobbast tett opp mot næringsdrivande, lag og organisasjonar, bl.a. er næringskonsulenten sekretær for Nissedal næringslag. Det vert satsa på reiseliv/turisme og kommunen har som mål å ha eit godt samarbeid med grunneigarane og Agder Energi om Jettegrytene. Nissedal kommune er også vertskommunen for kommunesamarbeidet "Telemarksvegen", der arbeidet elles er lagt til eiga styringsgruppe.

Årleg kommunalt næringsmøte 3. mai med følgjande punkt på agendaen: aktuelle nærings saker, RV 41 og prosjekt "Vegskog", Telemarksvegen, aktuelle kultursaker og Nissedal næringslag. Frammøte ca. 25 pax.

Aktivitetar i næringslaget:

Styremøter 19.jan., 14. feb., 1. mars, 24. mai, 15. juni, 30. aug., 16. okt. og 3. des.

Årsmøte og medlemsmøte: 14. feb.

Medlemsmøte og sommaravslutning på Fjonesundet ferjekafe: 15. juni.

Møter i marknadsføringsgruppe og hyttemesseutval: 14. febr., 3. april, 17. april, 24. mai, 23. aug., 12. sept., 4. okt., 16. okt., 3. desember.

Hyttemesse i Sandefjord 9.-11. november.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018:

- Vidareføre By Region-programmet i samarbeid med kommunane i Vest-Telemark. ByReg-programmet i Vest-Telemark var delt inn i 5 arbeidsgrupper og sluttrapport med evaluering låg føre i oktober. Det var erfaringsamling for ByReg-programma i Telemark på Bø Hotel 15. mars og nasjonal nettverkssamling i Kristiansand 30.-31. mai.

- Arbeide vidare med avklaring av ei eventuell vidare overtaking av tømmerrenna, samt eigarskap og ansvar.  
Saka om overtaking av tømmerrenna vart i møte 24. nov. 2016 utsatt då det var ønskje om bl.a. meir informasjon, avklaring av vegsak og liknande. Etter fleire møter mellom kommunen og veglaget blei det i kommunestyresak 52/2018 (juni 2018) gjort eit vedtak der kommunestyret godkjente ein framlagt avtale mellom Nissedal kommune og veglaget om opprusting og årleg vedlikehald av vegen til Jettegrytene. Sak om overtaking av tømmerrenna kom opp for kommunestyret 4 oktober. Det vart då gjort vedtak om å overta tømmerrenna for kr. 1.590.000,-. Partsbrev vart sendt Ager Energi Vannkraft AS (AEVK). 16. november mottok Nissedal kommune eit svar frå AEVK der AEVK tilbyr Nissedal kommune kr. 1 mill. Svaret frå AEVK skal handsamast i kommunestyret i februar 2019.
- Vidareføre arbeidet med "Stedsutviklingsprosjekt" på Sommarsletta i samarbeid med eining for kultur.  
Einingsleiar kultur jobbar vidare på skissegrunnlag, finansiering og søknadar for å finne ut om bru/flytebru er noko som kan realiserast.
- Framleis fokus på vitaliseringsprosessen av Telemarksvegen – lokal mat, kunst, kultur og attraksjonar. Arbeide vidare med attraksjonsprosjektet med særleg fokus på å auke verdiskapinga til aktørane langs og i tilknytning til Telemarksvegen.  
Ny brosjyre for 2018 vart trykt og delt ut i sommar, me auka talet på brosjyrar etter ønskje frå bedriftene i Telemarksvegen. Det er planlagt å lansere ny webside til Telemarksvegen i løpet av mars 2019, i samarbeid med Visit Telemark. Det er oppretta ei arbeidsgruppe som skal jobbe med prosjekt Telemarksvegen – opplevingsveg. Telemarksvegen har fått midlar frå bl.a. Telemark Fylkeskommune og Aust-Agder Fylkeskommune forprosjektet "Telemarksvegen som opplevingsveg". Trond Backer i Backer & Bang er leigd inn som prosjektleiar. Ein ser her for seg ei utviding av vegen frå Kristiansand til Drammen/Drøbak.

#### Breibandsutbygging:

VTK signerte ein avtale om breibandsutbygging 27.01.18 der leveringsdato var satt til 30.10.2018. VTK v/Einar Valhovd stadfestar i ein rapport av 10.12.18 at prosjektet vart ferdig 30.10.18 som avtalefesta. Det er kopla opp totalt 52 kundar, fordelt på 38 stk. på Fjone/Fjalestad og 14 stk. i Heimdal. På Tjønnefoss var det dessverre ingen som var interesserte, og utbygginga er derfor lagt på is i denne omgang.

#### Næringsfondet:

Organiseringa av reiselivet i Telemark har vore eit tema sidan hausten 2014. Hausten 2017 var det ein felles anbudsrunder for alle kommunane i Telemark der Visit Telemark vart valt. Januar 2018 vart ein avtale mellom Nissedal kommune og Visit Telemark signert. Denne avtalen kostar Nissedal kommune ca. kr. 119.000,- i året. Denne avtale erstattar avtalen med TIN på kr. 59.000,- i året. Konto 1411 for reiseliv/turisme bør derfor styrkast.

#### Kommentar til rekneskapan:

Kraftfondet blir i all hovudsak disponert i årsbudsjettet, og har bare ein marginal sum til disposisjon ved utgangen av året.

Av næringsfondet er det løyva kr. 256.000 i næringstilskot og kr. 120.000 i lån. Pr. 31.12.18 står det att kr. 45.000 på næringsfondet.

Av KMD-fondet er det løyva kr. 50.000 i næringstilskot og kr. 80.000 i lån. Pr. 31.12.18 står det att kr. 12.500 på KMD-fondet.

## 13.4 Nav

### **Kommuneplanen sine mål:**

**Som del av NAV-kontoret medverke til at folk kjem tilbake til arbeid.**

- Kommunen skal medverke til å sikre økonomisk og sosial tryggleik og betre bu og levekåra for vanskelegstilte.

### **Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for Nav:**

- Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen
- Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen
- Lov om folketrygd
- Forskrifter og retningslinjer frå Husbanken
- Samarbeidsavtale mellom NAV og oppfylgningstenesta i Telemark
- Samarbeidsavtale Lærekandidater og bruk av arbeidspraksis – NAV i Telemark og Telemark fylkeskommune
- Partnerskapsavtala med Nav Stat

### **Vidareføring av etablert drift:**

NAV Nissedal yter kommunale og statlege tenester basert på partnerskapsavtalen mellom Nissedal kommune og den statlege delen av NAV. Den statlege delen av NAV har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette, og kommunen har saman med den statlege delen av NAV ansvar for dagleg drift av kontoret. Kontoret har på midlertidig basis hatt stengt ein dag i veka - kvar onsdag. Denne dagen er sett av til sakshandsaming og møte. Tanken bak dette har vore at dette vil føre til raskare sakshandsaming og dermed eit betre tilbod til brukarane. Nav har eit godt samarbeid med andre einingar i kommunen.

Dei kommunale tenestene i NAV:

Sakshandsaming etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Dette er ein omfattande lov.

Formålsparagrafen lyder: «*Formålet med loven er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltakelse i samfunnet.*»

NAV jobber i hovedsak med råd og rettleiing, samt vurdering av sosialhjelpssøknader. Lov om sosiale tjenester i NAV er eit «siste sikkerhetsnett». Det er ein skjønnsbasert lov. Det vil seie at den gjev folk rettar dersom dei fyller vilkåra for å få hjelp, men den gjev det og mogeleg for NAV å nytte skjønn og innvilge naudsynt hjelp utover dette. Dette gjer at ein har strenge krav til formell sakshandsaming.

Grunntanken med alt Nav gjer etter denne loven, er å hjelpe menneske til å klare seg sjølv. Sosialhjelp er meint å vere hjelp i ein overgangsperiode, og er ikkje dimensjonert for å leve på over lang tid. Nav opplever at ein ikkje alltid klarer å hjelpe folk vidare, og at dei over lang tid er avhengig av sosialhjelp. Nav forsøker å ha så god kvalitet på tenesta som mogeleg innanfor sine rammer. Det er viktig å merke seg at NAV er heilt avhengig av resten av samfunnet. Nav kan for eksempel ikkje lage arbeid eller bygge bustader.

Rettleiing og sakshandsaming av bustønad, tilskot og startlån frå Husbanken.  
Sakshandsaming av søknader om TT-kort, parkeringskort frå rørslehemma og fylgjekort.  
Utarbeiding og revidering av rusmiddelpolitisk handlingsplan.  
Tiltak for mennesker med rusproblem etter lov om kommunale helse- og omsorgstjenester, kapittel 10 som handler om tvangstiltak overfor rusmiddelavhengige. Desse problemstillingane vert teke opp i arbeidet med rullering av den rusmiddelpolitisk handlingsplanen. Det har vore eit tema i det tverrfaglege «Rusforum» om det er formålstenleg at dette ansvaret ligg hos NAV.  
NAV bidrar i kommunen sitt bustadsosiale arbeid på overordna nivå. Dette er eit viktig punkt for NAV, som i sitt daglege arbeid ser at det er behov for eit differensiert bustadtilbod i kommunen.

### Spesielle tiltak/endingar for 2018

- NAV vidarefører tiltaket Restart. Målgruppe er brukarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde. Mål er arbeid eller utdanning. NAV har avtale med Kvito om gjennomføring av tiltaket. Sidan 01.06.2016 da tiltaket blei starta opp har 13 personer teke del i tiltaket. Av dei er 5 framleis i tiltaket, 1 person har flyttet til Grenland der vedkommande antageligvis har betre forutsetningar for å få seg jobb. Dei 7 andre blei vidareformidla til jobb (5), lærlingplass (1) og skole (1). Planen for 2018 er å bruke Restart også til å førebygge at brukarar blir sosialhjelps mottakarar der det er hensiktsmessig. Dette betyr at vi utvider målgruppa til personar utan ytelser eller med statlege ytelser frå NAV som står i fare for å være utan inntekt i nær framtid. Hovudmålgruppa er framleis personer som mottar sosialhjelp som hovudinntekt under 30 år, og så dei som er eldre.  
I løpet av året det 5 personar/tiltak blei avslutta i Restart.  
Ein person fikk seg jobb etter bare 6 ukar.  
Ein person kombinerer per i dag jobb og utdanning.  
Ein blei skrevet ut til utdanning og to deltakare klarte ikkje å nyttiggjøre seg av tiltaket.
- NAV skal bistå Flyktingeteneste mykje tidligare med arbeidsretta rettleiing for å unngå at flyktingane ikkje har funnet vegen til arbeidsmarknad før Introprogrammet er omme. Det er oppretta eit samarbeid i Vest-Telemark mellom NAV-kontorane og dei respektive flyktingetenestene for å ble betre på det.  
Dette har ikkje vore aktuelt. NAV og Flyktingeteneste har hatt møter til å forberede seg på den nye situasjonen som blir meir aktuell frå 2019.
- Kvalifiseringsprogram. Plassen i Kvalifiseringsprogram har vært ledig over 1,5 år. NAV har intensjonen til å besette den plassen i 2018.  
KVP-plassen kommunen disponerer har stått ledig gjennom i 2018 på grunn av at det ikkje har vore aktuelle kandidatar.
- Det har vore ei ansvarsavklaring kva gjeld sakshandsaming av flyktingar sitt behov for økonomisk stønad. Ansvaret er lagt til Nav-leiar gjennom allereie gjeve mynde frå rådmannen, og sakshandsamast ut i frå Lov om sosiale tenester og flyktingplanen.

## 13.5. Andre Interkommunale samarbeid

### 13.5.1 Interkommunalt landbrukskontor for Nissedal og Kviteseid

#### Kommuneplanen sine mål:

**Styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv for å vere attraktiv for busetjing og reiseliv. Nissedal skal framleis vere ein Ja-kommune der ulike regelverk skal nyttast for å sjå moglegheiter – ikkje hindringar.**

- Ha eit tettare samarbeid med næringsdrivande og frivillige lag og organisasjonar
- Leggje til rette for attraktive bustad- og næringsstomter/næringsareal i alle grender
- Arbeide for ei styrka identitetskjennele og merkevarebygging
- Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur
- Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme
- Leggje til rette for kompetanseheving lokalt
- Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for landbrukskontoret:

Jordlova  
Skoglova  
Konsesjonslova  
Landbruksplan for Vest-Telemark  
Landbruksplan for Nissedal 2014-2017

#### Vidareføring av etablert drift:

##### Heile landbrukskontoret

Dei kommunale oppgåvene innan landbruksforvaltning, miljø og viltforvaltning utførast av interkommunalt landbrukskontor for kommunane Nissedal og Kviteseid. Kontoret er organisert administrativt i eining for samfunnsutvikling og teknisk drift i Kviteseid kommune, og er lokalisert på kommunehuset i Kviteseid. Med høg kompetanse skal landbrukskontoret bidra til at landbruket i kommunane medverkar til utvikling og verdiskaping, samtidig som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet. Landbruket er ein viktig del av aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.

Landbrukskontoret sine tenester og innsats er i stor grad styrt gjennom lovverk og eigen landbruksplan for Nissedal og landbruksplanen for Vest-Telemark.

##### Spesielle tiltak/endingar for 2018

- Oppfølging av pelsdyrnæringa:  
Den uvanleg varme sommaren gjorde at det var meire fluger enn vanleg mange stader. I Haugsjåsund fekk pelsdyroppdrettarane på Berlimoen og landbrukskontoret skulda. På Berlimoen var det uvanleg lite fluger. Det sa oppdrettarane sjølv, og det blei stadfesta ved fleire besøk. Det bør vurderast om ein skal sjå meir på bakgrunn for flugeproblema i Haugsjåsund på bakgrunn av at det er 10 år sidan dette blei gjort sist. Landbrukskontoret kan sjølv sagt aldri gi nokon garanti for at det ikkje skal vere plagsamt mykje fluger i Haugsjåsund. Landbrukskontoret si oppgåve og ansvar er å sjå til at drifta på Berlimoen er lovleg med omsyn til gjødselhandtering. Det gjer vi ved å informere og kontrollere.
- Følgje opp endra søknads- og kontrollrutinar for skogbruket i samsvar med krav frå Fylkesmannen i Telemark:  
Gjentatt informasjon fører til gradvis forbetring.

- Prosjekt for utsynshogst langs rv. 41 med stønad frå Statens Vegvesen er sett i gang med landbrukskontoret som sekretær/koordinator. Dei aller fleste grunneigarane langs vegen/Nisser er positive til prosjektet og har gjeve løyve til hogst på areal som ikkje allereie er eigd av det offentlege. Utføring av hogst er noko utsett som fylgje av auka avverksingsaktivitet og delvis som fylgje av hogststopp under turkeperioden i 2018.

### **Viltforvaltning**

Kommunen har utarbeidd eigen forvaltningsplan for hjortevilt. Planen skal rullerast etter jakta i 2018. Den praktiske delen av forvaltninga skjer i Nissedal viltlag, som er grunneigarane sitt organ. Kommunen har ansvar for dei «offentlege» interessene knytt til forvaltninga og ansvaret for ettersøk av skada hjorteviltvilt, og skadefelling.

### **Spesielle tiltak/endringar for 2018**

Kommunen har oppdaterer eigedomsoversiktene etter kvart som melding om endringar kjem inn. Alle jaktlag pliktar å melde dette til valda og til kommunen om endringar av eigerar og areal som skjer i laga. Kommunen har bedt viltlaget å hjelpe til for å få fortgang på arbeidet og få oppdatert oversiktane.

### **Miljø**

Kommunen har delteke i eit prosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre. Prosjektet er avslutta og det er utarbeida ein regional plan med tiltaksprogram for heile vassregionen Agder. Kommunen skal følgje opp arbeidet i handlingsplanen og tiltaksprogrammet for vassområdet Nidelva.

Arbeidet med rullering av planen og handlingsdelen starta i 2018.

## **13.5.2 Kommunerevisjonen og kontrollutvalssekretariatet**

Nissedal kommune løyser sine behov for revisjon og kontrollutvalssekretariat ved å vere medeigar i Telemark kommunerevisjon Iks og Telemark kontrollutvalssekretariat Iks. Kommunestyret har vald ordførar som representant i representantskapet til Telemark kommunerevisjon Iks og Telemark kontrollutvalssekretariat Iks.

### **Spesielle tiltak/endringar i 2018**

### 13.5.3 Renovasjon

Dei kommunale renovasjonstenestene er organisert i Indre Agder og Telemark Avfallsselskap Iks (IATA), i samarbeid med kommunane Åmli, Nome og Drangedal. Selskapet er styrt gjennom eigne vedtekter, eige styre og dagleg leiar. Kommunestyret vel utsendingar til representantskapet, som er selskapet sitt høgste organ, og styrerepresentant.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018

- Avklaring/samkøying av rutinar når eigarkommunane har overteke fakturering av renovasjonsgebyr.  
Nome kommune overtok frå midt i 2018 fakturering av renovasjonsavgifter. Drangedal kommune skal etter planen overta frå årsskifte 18/19. Åmli kommune har ikkje gjort noko vedtak om å overta faktureringa. Drøftingar kring dette starta i 2018 og vil bli slutført i 2019. Eigarkommunane har litt ulik tilnærming til ein felles praksis for dette arbeidet.

### 13.5.4 Vest-Telemark brannvernsamarbeid

Det kommunale ansvaret for brann- og ulykkeberedskap, forebygging og feiing er organisert som eit Iks i Vest-Telemark, lokalisert i Høydalsmo. Kommunen har likevel ansvar for beredskapsmateriell og arbeidsgjevaransvar for utrykkingsmannskapa. Selskapet er styrt gjennom selskapsavtale, eige styre og dagleg leiar (brannsjef). Kommunestyret vel utsendingar til representantskapet som er selskapet sitt høgste organ, og styrerepresentant.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018

## 13.6 Eining for skule

### Kommuneplanen sine mål:

Grunnskulen gir alle elevane eit godt og trygt lærings- og oppvekstmiljø, der ein i undervisninga tek omsyn til den einskilde elev sine føresetnader og har høge forventningar til alle elevane sine læringsresultat. Skulen skal i første rekkje vere ein opplæringsinstitusjon der undervisninga byggjer på Opplæringslova med forskrifter og læreplanverket for Kunnskapsløftet.

- Alle elevar har eit godt og inkluderande *læringsmiljø*. Med læringsmiljø meiner ein dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske forholda på skulen som har betydning for elevane si læring, helse og trivsel.
- Opplæringa skal ha *tilpassa opplæring i fellesskapet* og *tidleg innsats* som to av dei viktigaste verkemidla for å syte for at alle elevane utviklar sitt fulle potensial.
- Skulen skal drive systematisk og målretta trening i dei fem grunnleggande dugleikane; lesing, skriving, rekning, munnleg tale og bruk av digitale verktøy.
- Skulen skal ha høge forventningar til kvar einskild elev sine resultat og prestasjonar.
- Kvaliteten på skulen, både når det gjeld undervisning, materiell og bygningar skal ligge over gjennomsnittet for landet.
- Opplæringslova pålegg kontinuerleg utviklingsarbeid i skulen. Målet med utviklingsarbeidet i Nissedalskulen skal vere å endre og utvikle læraren sin praksis i klasserommet slik at elevane oppnår eit så godt læringsutbytte som mogleg.
- Nissedalskulen skal samarbeide godt med Vest-Telemark PPT til det beste for elevane sitt læringsresultat, både på system- og individnivå.
- Elevane får kunnskap om lokal kultur, tradisjon og næringsliv slik at dei får lyst til å busetje seg i kommunen.
- Nissedalskulen skal samarbeide godt med barnehage, kultur, helsetenester, barnevern, politi og andre institusjonar.
- Skulefritidstilbodet skal vere kjenneteikna av å understøtte skulen sitt arbeid med elevane si faglege, personlege og sosiale utvikling.
- Nissedal kommunale vaksenopplæring skal syte for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for fleirspråklege etter introduksjonsloven.
- Vaksne utan fullført grunnskuleutdanning skal få opplæring slik at dei kan ta grunnskuleeksamen.

### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Opplæringslova med forskrifter  
Plan for overgang barnehage - skule  
Plan for utvikling av læringsmiljøet

### Vidareføring av etablert drift:

#### Heile eininga

Eining for skule omfattar grunnskule, SFO og vaksenopplæring.  
Eininga samarbeider tverrfagleg med helsestasjon, barnehage, flyktningtenesta, kultur og Vest-Telemark PPT

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018

- Barnehagetilsyn  
*Ikkje gjennomført, barnehagen hadde eige statleg tilsyn.*
- Sak til kommunestyret om ev nye behov og kostnad til vidareutdanning for lærarar i før dispensasjonen på 10 år er over  
*Dette er teke i vare i søknad om kompetansemidlar for 2018  
Kommunen har ein lærar på vidareutdanning i skuleåret 2018-2019. Dette var i engelsk.*

- Førebu kommuneplanen for neste planperiode  
Dette er eit pågåande arbeid våren 2019.

### **Grunnskule**

Nissedal kommune har ein desentralisert skulestruktur med barnetrinn på Fjone, i Kyrkjebygda og i Treungen. Ungdomsskulen er felles og ligg i Treungen. Kyrkjebygda og Fjone skular er to-delte 1-7 skular, medan Tveit skule/Nissedal ungdomsskule er ein fulldelt 1-10 skule.

Kvar skule er leia av ein rektor. Einingsleiar for skule er skulefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles rektormøte. Kvar skule sin årsplan skal bygge på dei felles satsingsområde.

Fjone skule er avvikla og det var ingen skulestart der hausten 2018.

### Spesielle tiltak/endingar i 2018

- "Vurdering for læring":  
Skulebasert leiing. Skuleleiarane skal ha kunnskap om kvar elev si læringsutvikling. Aktuelle metodar: Pedagogisk vandring, refleksjon i kollegiet og resultatsamtalar med lærarane dannar grunnlag for den tilpassa opplæringa.  
Skuleeigar: Ha kunnskap om korleis rektorane arbeider med elevane si læringsutvikling. Metode: Rektorvandring, tema i rektormøte.  
Dette er eit kontinuerleg arbeid.  
Vurdering for læring har sidan 2013 vore satsingsområde i Nissedalsskulen.  
Forskning syner at slike endringsarbeid tek 5-7 år å institusjonalisere.  
Tiltak mars 2018: Kursdag med Dag Johannes Sunde frå U-dir på felles planleggingsdag for alle lærarar. Tema: Vurdering for læring med fokus på elevdeltaking.  
25.9. er det avslutningskonferanse med Udir i Oslo. Rektor, inspektør og einingsleiar deltek.
- Implementere "Plan for tidleg innsats" saman med einingane for barnehage, helse, eining for kultur og habillitering  
Det jobbast kontinuerleg med at planen blir nytta aktivt.  
I samband med planen er det oppretta "Team barn/ungdom"; eit lågterskeltilbod for elevar det er knytt bekymring til. Helsesystem, psykisk helse, barnevern, rektorar er ressurspersonar. Desse kallast inn etter behov.  
Det viktigaste arbeidet her i 2018 og vidare i åra som kjem er arbeidet knytt til den uheldige utviklinga knytt til snus/tobakk og rus som vart avdekt på Nissedal ungdomsskule i november/desember. Meir om dette vert å finne i meldinga til eining for helse.
- Vidareføre styrking til norskundervisning for minoritetsspråklege elevar.  
Tiltak: Rettleiing av NAFO (Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring)  
Mål: Alle lærarar tek ansvar for norskopplæring av minoritetsspråklege elevar.  
Rettleiinga er avslutta. Hovudmål: Alle lærar har ansvar for særskilt norskopplæring, ikkje berre "særskilt norsk"-lærarane. Det er og arbeid for å finne fram til gode kartleggingsverktøy. Rettleiar har vore Vigdis Glømmen frå NAFO. Rettleiinga opplevast som svært nyttig.  
Opplæringslova krev at skulen held fram med særskilt norskopplæring inntil elevane er på nivå 3 i kartleggingsmateriellet frå U-dir. Her er elevane kome svært ulikt og det er langt fram i tid før alle elevane er der og tilbodet må derfor halde fram. Ein må heile tida vurdere om ressursen til særskilt språkopplæring er tilstrekkeleg.
- Leggje til rette for flyktningar/min.språklege elevar ved Kyrkjebygda oppvekstsenter  
Det starta to elevar frå Syria ved Kyrkjebygda oppvekstsenter frå nyttår 2018.  
Det blei fatta vedtak i K-sak 82/17 om å auke bemanninga ved oppvekstsenteret med 38,5 % stilling frå 1.8.2018. Tiltaket er sett i verk frå 01.08.2018. To syriske førsteklasingar byrja hausten 2018. Per no er det 4 syriske elevar i skulen.

- Oppgradere læreverk i skulane  
Ny læreplan er venta i 2020. Det vert ikkje kjøpt inn heile nye verk no. Eventuelle suppleringar vert gjort.
- Delta i felles skuleutviklingsprosjekt i Vest-Telemark  
Nissedal kommune deltek i desse prosjekta saman med Vest-Telemarkregionen: "Desentralisert ordning", initiert av U-dir. Felles søknad frå Forum for utdanning i Vest-Telemark. "Inkluderande barnehage- og skulemiljø. Her deltek også barnehagane. Det er tilsett 20% resursperson i kvar eining knytt til dette prosjektet. Midlane vert delevis dekt av Udir. Dette prosjektet må sjåast i samanheng med "Desentralisert ordning" "Digitalisering": Barnehage- og skulesektoren samarbeider med rådgjevingsfirmaet ATEA om å utarbeide ein digital utviklingsplan for barnehagar og skular i Nissedal. Arbeidet starta i april med felles plandag for barnehage- og skuleleiarar. Representant for føresette samt ordførar deltok. Nemnte plan er ferdigstilt. Opplæring skjer frå nyttår 2019 og tilsette og lærerar får iPadar innan påske i 2019.
- Plan for heim/skulesamarbeid; jf. kommunal planstrategi for inneverande periode.  
Frå og med hausten 2018 har rektor ved Kyrkjebygda oppvekstsenter og fungera som konstituert einingsleiar. Dette arbeidet vart ikkje påbyrja grunna stor arbeidsmengde og andre større plan- og utviklingsprosjekt.
- Halde IKT-parken oppdatert  
Det er kjøpt inn 20 nye PC til Tveit skule, finansiert av fondsmidlar.
- Kutte kr 226 000 i lønsbudsjet med 5/12 i 2018  
Det er kuttet 50 % lærarstilling på Tveit frå 1.8.2018.
- Spare kr 50 000 på driftsbudsjett ila 2018  
Er innarbeidd i driftsbudsjettet.
- Mottak av flyktningar på Kyrkjebygda oppvekstsenter frå 1.1.2018  
Oppstart to elevar januar 2018. Elevane er godt i gang, og dei har funne seg godt til rette på skulen og i lokalsamfunnet. To nye førsteklasingar starta hausten 2018.
- Tilsette lærar i grunnleggande norsk ved Kyrkjebygda oppvekstsenter i samband med mottak av flyktningar, tilsvarende inntil 38,5 stilling.  
Gjennomført
- Utgreie ei auke av rammetimetale i barneskulen (1-7 trinn).  
Dette kom som eit ønske frå FAU ved Tveit skule, denne saka har vart ikkje byrja på i 2018. Rektor ved Tveit skule melder dette tilbake til FAU og ser på om FAU for inneverande skuleår er interessert i å oppretthalde dette punktet i 2019.
- Utgreie tiltak for auka fysisk aktivitet i Nissedalsskulen.  
Nissedalsskulen skal delta i prosjekt initiert av Telemark fylke frå haust 2019; "Liv og røre i Telemark". Skuleleiinga deltek på oppstartsmøte i Kviteseid 4.10. Prosjektet tek fyrst til august 2019.
- Utgreie standard og kapasitet ved Nissedal ungdomsskule.  
Det vert oppretta ei gruppe i løpet av hausten 18 som er samansett av skuleleiinga, brukerar, teknisk eining og tillitsvalte. Sak for prosjektering- og byggenemnda vert lagt fram våren 2019.
- Utarbeide plan for IKT i Nissedalsskulen.  
Jf. punkt om utviklingsprosjekt over.

### **SFO**

Nissedal kommune tilbyr skulefritidsordning (SFO) på Tveit skule, Fjone skule og Kyrkjebygda oppvekstsenter. I tillegg vert det gjeve tilbod på Felle, men då som eit redusert tilbod organisert gjennom Felle barnehage. SFO-tilbodet skal minimum fylgje skuleruta. Tilbodet utanom skule-ruta skal tilpassast etterspurnaden og skal organiserast ved den skulen med flest søkjararar.

SFO i Nissedal skal gje eit kvalitativt godt tilbod om sunn mat, fysisk aktivitet og sosial kompetanse, men samstundes ha respekt for barns leik og fritid.

Det tilbys gratis leksehjelp i SFO.

Fjone er avvikla.

### Spesielle tiltak/endingar i 2018

- Evaluere kvaliteten i SFO  
Pga. ombygging på Tveit og midlertidige lokale, ynskjer dei tilsette i SFO å utsette undersøkinga til hausten 2018. Dette vart ikkje gjort, skuleleiinga fann det meir hensiktsmessig å ta dette som ei eiga brukarundersøking til våren 2019. Hausten 2018 vart dei obligatoriske elev- føreset- og tilsettundersøkingane gjennomført.
- Kompetanseheving i tråd med funn i punkt over
- Auke gebyra i SFO med 5 %  
Gjennomført

### Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar å gje gratis undervisning i norsk og samfunnskunnskap til dei som i fylgje introduksjonslova har rett eller plikt til det. Undervisninga for flyktningane er lokalisert på Kåsa.

Elevar som ikkje har rett på gratis norskopplæring, får tilbod om undervisning mot betaling, dersom det er kapasitet.

Det vert gjeve undervisning til vaksne etter opplæringslova § 4A.2: *Rett til spesialundervisning på grunnskolens område*. Undervisninga foregår på Mila og som heimeundervisning.

Vaksenopplæringa har plikt til å gi *Opplæring til vaksne med behov for alternativ og supplerende kommunikasjon(ASK)* ved behov (opplæringslova § 4A-13)

### Spesielle tiltak/endingar i 2018

- Lokale: Lokala til vaksenopplæring på Kåsa har har begrensa areal. Det kan bli utfordringar med plass når me får i alt 10 nye elevar skuleåret 2017/18. Me vil, så langt råd, forsøke å få plass i eksisterande lokale.  
Eitt ekstra rom er teke i bruk. Det er utfordringar m.o.t. plass, men med kreative løysingar får me det til.
- Nissedal kommune blir prøvestad for norsk og samfunnskunnskap  
Tidlegare har våre elevar reist til nabokommunar for å avleggje prøve i norsk og samfunnskunnskap. Dette vil dei slippe når me sjølve tek ansvar for prøvene.  
Ein lærar ved VO blir sertifisert i høve innføringa.  
Lena Flageborg er vorte prøveansvarlig for norsk og samfunnskunnsksprøvene i Nissedal.

### Kompetanseutvikling

- Grunnskule:  
Vidareutdanning i basisfaga.  
Ein lærar går på tek 30 studiepoeng i engelsk frå haust 2018.  
Moglegheit for vidare deltaking i KS sitt leiarprogram for å rekruttere til leingi i skulen  
Vert ikkje prioritert i 2018.  
Leiarutdanning: Ein av leiarane ved Tveit skule fortsett med si masterutdanning i skuleleiing.
- Vaksenopplæringa:  
Delta på årelg fagkurs med IMDI i Telemark.  
Delta i VO-nettverk i Telemark  
Norsk for minoritetsspråklege elevar (Vidareutdanning)  
Ein lærar har fått plass på studiet "Norsk som andre-språk" frå haust 2018. Denne læraren trakk seg frå studiet og sa frå seg studieplassen.

### Sjukefråvær:

Sjukefråværet for 2018 var 4,76%, fordelt med 1,73% kortidsfråvær og 3,03% langtidsfråvær.

HMS Internkontroll:

Vernerunde og brannøvingar er gjennomførte etter plan ved skulane, ved to unnatak:

Det vart ikkje gjennomført vernerunde ved Kyrkjebygda oppvekstsenter våren 2018, grunna ombygging av personalrom og arbeidsplassar til barnehageareal og ei tenkt større ombygging og påbygging av heile oppvekstsenteret.

Vernerunde ved Tveit skule, småskule vart det ikkje gjennomført vernerunde våren 2018 grunna kort tid i bygget. Teknisk har gjennomført befaring ved overtaking.

Status for kvar skule i meldingsåret:

Tveit skule:

Avvik:

Universell utforming (skilting) – ansvar hos skule og kultur - utført.

Lager og rømmingsveg i Fleirbrukshallen må ryddast (rutine) – ansvar hos skule og kultur – utført.

Vatnskade på hjørnet av ungdomsklubb, samt murvegg det drys frå – ansvar hos teknisk – uvisst.

For dårleg luft i klasseromma i paviljongen. Har vore eit alvorleg problem lenge. Avviket er lukka. Det blei funne ein feil i ventilasjonsanlegget.

## 13.8 Eining for barnehage

### Kommuneplanen sine mål:

#### Nissedal kommune gir eit godt barnehagetilbod til alle som ønskjer det.

- Sikre full barnehagedekning.
- Satse på kompetanseutviklingstiltak for dei tilsette for å betre kvaliteten på det pedagogiske innhaldet i barnehagane.
- Sikre at barnehagen blir ein arena for første steg i eit livslangt læringsperspektiv.
- Sikre godt samarbeid og god samanheng i overgang frå helsestasjon og mellom barnehage og skule.
- Leggje til rette for ein barnehage som gir eit godt fagleg og sosialt grunnlag.
- Sikre at barnehagane fangar opp barn som har behov for særskilt oppfølging og tilrettelegging, uavhengig av årsak (tidleg innsats).
- Leggje til rette for godt samvirke mellom barnehage, skule, kultur og heim slik at barna kjenner seg heime i bygda dei bur i.
- Leggje vekt på brukarane sine behov ved planlegging og organisering av barnehagetilbodet som eit viktig middel for å få nye innbyggjarar til kommunen.

### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om barnehage

Rammeplan for barnehagar

Felles språkplan for alle barnehagane (intern)

Plan for tidleg innsats – samarbeid med skule, barnevernstenesta, helsesyster, PPT og psykisk helse (intern)

### Vidareføring av etablert drift:

#### Heile eininga

Kommunen har ein desentralisert barnehagestruktur med barnehagetilbod i Treungen, Haugsjåsund, Kyrkjebygda og Felle.

Kommunen har eitt hovudopptak i året. Hovedopptaket skjer i mars,- og det er i samband med dette at retten til barnehageplass vert gjort gjeldande.

Kommunen vil så langt som råd gje tilbod til barn fortløpande gjennom året.

Føresette kan velje mellom 2, 3, 4 og 5 dagars tilbod.

Barnehagane stengt to veker i juli.

Barnehagen i Treungen gir tilbod i romjola og virkedagane mellom palmesøndag og skjærtorsdag dersom det er behov. Dette gjeld for alle barna i barnehagane i kommunen.

Det er utarbeida felles satsingsområde for alle barnehagane. På bakgrunn av dette utarbeider kvar barnehage sin eigen årsplan.

Kompetanseheving skal fokusere på satsingsområda.

Barnehagane samarbeider tverrfagleg med helsestasjon, skule, ppt og barnevernstenesta.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018:

- Arbeide med implementering av ny rammeplan  
Det har vore eit samarbeid i Vest-Telemark på barnehageområdet vedrørende implementering av ny rammeplan. Felles kurs og planleggingsdagar med rammeplanen som fokusområde.

I løpet av 2018 har alle pedagogane gjennomført ei kurspakke om implementering av rammeplanen i regi av fylkesmannen.

Pedagogmøte, avdelingsmøte og planleggingdagar blir mykje nytta til å impementering av rammeplanen.

- Gjennomføre endringar i opningstida i barnehagane i samband med jul og påskehøgtida  
Dette er gjort. Barnehagane er nå stengt julaften, i romjula og virkedagane mellom palmesøndag og skjærtorsdag.
- Vidareføre intern opplæring for assistentane og fagarbeidarane.  
Eininga har gjennomført samlingar for assistentar/fagarbeidare i dei ulike barnehagane med fagleg innhald. Rammeplanen har vore hovedefokus i desse samlingane.
- Implementere "Plan for tidleg innsats" saman med einingane for skule, helse og habillitering og eining for kultur.  
Det blir jobba kontinuerleg med å nytte planen aktivt.
- Jamleg oppdatering til politisk nivå om evt. ventelister i barnehagane.  
Dette har blitt gjort i samband med tertial-rapportering

### **Treungen barnehage**

Godkjent for 60 plassar, der 36 (18 born) er i eiga småbarnsavdeling (1-3 år).

3-5 årsavdelinga har 24 godkjente barnehageplassar.

Opningstida er 07.15-16.45.

For barnehageåret 2018/19 har det vore noko ledig kapasitet på storavdeling i Treungen barnehage. I desember -18 blei det gjort interne omrokeringar ved å flytte barn frå småbarnsavdelinga over på storavdeling slik at ein kunne ta inn tre nye barn på småbarnsavdelinga i desember -18.

#### **Spesielle tiltak/endringar i 2018:**

### **Kyrkjebygda barnehage**

Godkjent for 20 plassar.

Opningstida er 07.15-16.45.

Barnehagen vil frå hausten -18 gje tilbod om 32 barnehageplassar.

Det vil vera noko ledig kapasitet.

#### **Spesielle tiltak/endringar i 2018:**

- Utvide barnehagetilbodet med inntil 12 nye barnehageplassar i 2018. Finne gode midlertidige løysingar.  
Kommunestyret vedtok i PS- 3/18 å bygge ut Kyrkjebygda oppvekstsenter innanfor ei ramme på 14,8 millioner. Med dette vedtaket kunne barnehagen utvide med 12 barnehageplassar.  
I ombyggingsperioden var barnehagen midlertidig i bedehuset i Kyrkjebygda.  
Lokala til barnehagen var innflyttningsklar i september -18.
- Auke personalressursen med minst to årsverk  
Det blei tilsett ein pedagog i 100% stilling, ein assistent i 100% stilling og to-språkeleg assistent i 40% stilling.

### **Haugsjåsund barnehage**

Godkjent for 20 plassar.

Opningstida er 07.15-16.45.

Barnehagen hadde ledige plassar frå hausten -18. Desse barnehageplassane blei fylt opp i løpet av hausten.

#### **Spesielle tiltak/endringar i 2018:**

## **Felle barnehage**

Godkjent for 18 plassar.

Opningstida er 07.00-16.30.

### **Spesielle tiltak/endingar i 2018:**

#### Politiske vedtak etter budsjettvedtak - oppfølging:

Kommunestyret vedtok i k-sak- 3/18 å bygge ut Kyrkjebygda oppvekstsenter innanfor ei ramme på 14,8 millionar.

Barnehagen blei i samband med denne saka utvida med 12 barnehageplassar. Det blei auke i personal ressurs med eitt årsverk pedagog og eitt årsverk fagarbeider. I tillegg blei det vidareført to-språkleg assistent i 100% stilling.

I k-sak 70/18 vedtok kommunestyret å starte barnehage på Fjone,

Investering: kr. 1 900 750,-

Driftsutgifter pr.år blei stipulera til kr. 2 089 000,- .

Rådmannen har i denne saka stipulera ei innsparing på ca. kr 1 000 000,- ved å flytte årsverk frå dei andre barnehagane til Fjone.

#### Kompetanseutvikling:

Ein styrar har fått støtte til vidareutdanning i studiet økonomisk styring, 10 studiepoeng på UiA hausten 2018.

Studiet er ein vidareføring av den nasjonale styrarutdanninga som denne styraren fullførte i desember i 2017, og det inngår i mastergraden i barnehageleiing. Studiet er vidareført i 2019.

To fagarbeidere i Haugsjåsund barnehage tok til ved Fagskolen AOF Norge med studiet «barn med særskilte behov» . Oppmøte ein ettermiddag/kveld i veka.

Studiet tok til hausten 2018 og blir avslutta vår 2020.

#### Prosjekt inkluderande læringsmiljø i barnehage og skule.

Dette er eit prosjekt i regi av UDIR. Prosjektet skal gå over fem semester.

Det er tilsett 20% ressursperson i barnehage og 20% ressursperson i skule.

Skule og barnehage samarbeider tett i dette prosjektet.

Kommunen får støtte til dette frå Udir via fylkesmannen, men ein del må vera sjølvfinansierast.

Alle kommunane i Vest-Telemark er med i dette prosjektet. Og det er danna nettverk på tvers av kommunegrensene.

Felles planleggingsdagar og andre kurs vil ha fokus kring dette prosjektet.

#### Innføring av digitalt verktøy i barnehage og skule.

Barnehage- og skulesektoren har samarbeida med rådgjevingsfirmaet ATEA om

utarbeiding av digital utviklingsplan for barnehagar og skular i Nissedal.

Arbeidet starta i april -18 med felles plandag for barnehage. Opplæring og utrulling skjer frå nyttår 2019.

Eininga har nytta personalmøter og planleggingsdagar til fagleg utviklingsarbeid.

Nissedal har saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark eit nettverk på barnehageområdet.

Dette nettverket samarbeider med om rettleiing av nyutdanna pedagogar, styrarsamlingar og fagdagar

Sjukefråvær:

Sjukefråværet for 2018 i eininga: 4,88%. Dette er fordelt på 2,16 langtidsfråvær og 2,72 i kortidsfråvær.

I barnehagane har vi arbeidd med tett med oppfølging ved fråvær, og ved langtidssjukmelding har vi jamnleg dialog med den sjukmelde.

Barnehagane har hatt stort fokus på trivseltiltak.

Fråvær i forhold til sjuke barn, permisjonar, feriar, kurs o.l er ikkje med i denne statistikken.

HMS Internkontroll:

Det er gjennomført brannøvingar og vernerundar i alle barnehagane i 2018.

Tiltak som blei påpeka er utbedra. Andre har blitt arbeidd med i samanheng med budsjettarbeidet.

Det er gjennomført medarbeidersamtaler i barnehagane.

## 13.9 Eining for kultur

### Kommuneplanen sine mål:

Skape eit rikt og variert kulturliv for alle og la dette bli ei av drivkreftene til ein positiv auke i folketalet i Nissedal.

- Kulturtilboda i kommunen skal femne alle og gi auka trivsel.
- Mangfaldet av kultursatsinga vert organisert av eining for kultur som i sitt arbeid stimulerer til samarbeid mellom lag, organisasjonar og andre til eit rikt og yrande kulturliv som verkar samlande på alle i kommunen.
- Kommunen sitt folkehelsearbeid legg til rette for fysisk aktivitet for alle i samarbeid med lag og organisasjonar.
- Kommunen gjer aktiv bruk av utvalde kulturminne for å fremje innbyggjarane si kjensle av identitet og tilhøyr og attraktiviteten som reisemål.
- Nissedal kulturskule skal bli eit kulturelt ressursenter der kulturskuletilboda er varierte, kreative og tilrettelagde for den einskilde elev.
- Nissedal folkebibliotek skal vere eit samlingspunkt for alle og stimulere til leselyst i alle aldrar.
- Nissedal ungdomsråd skal vere aktivt og engasjerande, og jobbe for at ungdom vil kome til Nissedal etter endt utdanning.
- Nissedal kommune skal bli oppfatta som ein føregangskommune for bruk av nynorsk.

### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga

Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

Lov om folkebibliotek

Kommunedelplan for idrett og friluftsliv

### Vidareføring av etablert drift:

#### Heile eininga

Kultur er eit vidt teneste-spekter samstundes som dei enkelte tenestene er relativt små i Nissedal kommune. Dei mest konkrete tenestene vert omtala nedanfor.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018:

- Gjennomføre utarbeiding av tursti på den gamle toglina, frå Treungen sentrum til Åmli kommune, samt opparbeide den universelt utforma stien sør for Fjonevegen som ikkje er ein del av den gamle toglina. Dette er ein del av ein heilskapeleg plan for området sentrum/Sommarsletta, og fyrste del av den universelt utforma stien.  
Det vart gjennomført anbodskonkurranse rett før jul, og anboda viste seg å være mykje høgare enn forprosjektrapporten som spelemiddelsøknaden var basert på. Det vart difor søkt om maks søkjesum på 1 mill. i spelemidlar, og det vart lagt inn ei høgare ramme for budsjett 2019. Det vart og lagt til oppgradering av bruer og skilting av tur-og sykkelløypa (fornya søknad). Til saman er det totale budsjettet på tur-og sykkelløype med bruer og skilt kr. 3.049.000, der kr. 1.339.000 av dette er spelemidlar.
- Høgt fokus på å løyse oppgåver knytt til flyktning på tvers av einingar, slik at tenesten som blir gjett blir så god som mogleg.  
Det vart jobba godt mellom dei ulike tenestene i kommunen. Det er eit utfordrande arbeid. Det er viktig at det er god samhandling mellom tenestene, men det er krevjande på tidsbruk og god kommunikasjon.
- Gjennomføre kulturminneplan  
Det har vore eit svært travelt år, med mange administrative oppgåver. Arbeidet med kulturminneplanen for 2018 er ikkje starta på grunn av tidspress.

- Vere med i planlegging og oppfølging av bygging av tomannsbustad i sentrum. Tomannsbustad i Treungen sentrum vart ferdigstilt innan fristen i april. 2 familiar har flytta inn og bustadane fungerer bra. Dei 2 flyktningebustadane i Kyrkjebygda vart og ferdigstilte innan fristen, og det er 2 familiar som er busett der.
- Fokus på folkehelseiltak i planlegging av arrangement og aktivitetar. Høgt fokus på samspel mellom dei ulike einingane og dei frivillige. Det har vore høgt fokus på folkehelse. 1. mai vart nytt toppturprosjekt for 2018 lansert, med mykje engasjement. Det vart gjennomført folkehelseiltak i kulturskulen i samarbeid med fysioterapitenesta, med dans i kulturskuletimen, for 1. – 4. klasse. Etter haustferien vart det starta opp dansetrening for 5.- 10. klasse. Det har og vore tiltak med fysisk aktivitet for mellomtrinn og ungdomstrinn med fysioterapitenesta. Tilbodet har vore eit samarbeidsprosjekt mellom kulturskulen og folkehelse/friskliv og har hatt som mål å fremje fysisk aktivitet og sosial integrering. Desse tilboda har vore gratis å delta på. Elles har det vore høgt fokus på å tildele treningstider i Fleirbrukshuset og å ha eit godt og etablert samarbeid med idrettslaga i kommunen.
- Legge til rette for eit etablert samarbeid med frivilligsentralen, med fokus på magasinet 60+. Frivilligsentralen og kommunen ved kultur, skulle samarbeide om innhald til bladet 60+. Vi fekk ikkje fått starta på dette arbeidet, fordi bladet 60+ hadde svært mykje å gjere. Når dei er klare, vil vi vere klare til å bistå med informasjon og artiklar.

### **Fritidsklubb**

Fritidsklubben er open 2 dagar i veka, og skal vere inkluderande for alle i målgruppa 8. klasse til 18 år i heile kommunen. Ungdommen skal i stor grad vere med å utforme aktivitetssinnhaldet.

#### **Spesielle tiltak/endingar i 2018:**

- Ein ser at arbeid med integrering er svært viktig i ungdomsklubben. I 2018 vil ein ha eit spesielt fokus på dette gjennom ulike aktivitetar. Fysisk aktivitet i Fleirbrukshallen har vore ein god og viktig integreringsarena. Ungdomsklubben disponerer Fleirbrukshallen kvar onsdag og fredag når klubben er ope. Fysisk aktivitet stimulerer til integrering, og har vore ein god måte å bli kjend med kvarandre på.
- Fritidsklubben open kvar fredag og tiltaket blir evaluert før årsskifte. Det har vore fredagsope sidan starten av året på ungdomsklubben. Dette har vore eit populært tilbod. Det har vore ope frå kl. 17.00 – 22.00 kvar fredag, for 7. klasse frå kl. 17.00 – 20.00, og for ungdomsskulen frå kl. 17.00 – 22.00. Dette har blitt godt motteke av ungdommen, og det er svært viktig at det er ein møteplass i kommunen som er røyk-og rusfri og som har vaksenpersonar til stades. Å ha meir ope på ungdomsklubben er eit førebyggjande tiltak mot rus. Det er no vedteke at dette tilbodet er fast.

### **Kino**

I samarbeid med Bygdekinoen er det kinoframsying kvar 14.dag i kinosalen på Fleirbrukshuset. Det er Bygdekinoen som bestemmer programmet og har billettinntektene, så kommunen si oppgåve er å legge lokale til rette og profilere kinotilbodet.

#### **Spesielle tiltak/endingar i 2018**

- Ein ynskjer å ha meir fokus på å reklamere for bygdekinoen og få enno fleire til å gå på kino. Bygdekinoen var greit besøkt i 2018. Inntening på billettinntekt etter fordelingsnøkkel var halvparten av total kostnad, og gjorde til at vi betalte 17.000,- for bygdekinoen i 2018, det er 2.000,- over budsjett. Bygdekinoen er eit fantastisk tilbod, som gjev svært mykje for lite midlar.

## **Bibliotek**

Nissedal folkebibliotek er eit kombinasjonsbibliotek lokalisert saman med Nissedal ungdomsskule. Det er ope for publikum 2 dagar i veka, medan skulen kan nytte det ved behov. Dagsaktuell litteratur, enkeltarrangement og god profilering er tiltak for å nå mål om å vere eit samlingspunkt for stimulering til leselyst i alle aldrar. Biblioteket skal delta aktivt i tverrfagleg arbeid saman med barnehage og skule.

### **Spesielle tiltak/endingar i 2018**

- Satse på biblioteket som ein naturleg samlingsstad for kommunens innbyggjarar i tråd med lov om folkebibliotek.  
Det har blitt lagt opp til ei sosial ramme i biblioteket, der det har blitt servert kaffe/te, det har vore blad, aviser og spel tilgjengeleg. Dette har gjort til at besøkande ikkje bare har lånt bøker, men har brukt biblioteket som ein sosial arena. Biblioteket har og vore ein svært god integreringsarena og har blitt mykje brukt til akkurat det.
- Sjå på utvida tilbod ved biblioteket i samarbeid med frivillige lag/org.  
Sak om dette vart handsama i kommunestyret i desember. Det vart ikkje vedteke å ha auka opningstid driven av frivillige.

## **Spelemidler – kommunalt tilskot**

Gjennom tett samarbeid med idrettsrådet skal kommunen kvart år prioritere spelemiddelsøknadar som kjem inn. Dette skjer gjennom å rullere handlingsdelen i kommunedelplan for idrett og friluftsliv kvart år.

### **Spesielle tiltak/endingar i 2018**

- Legge til rette for eit godt samarbeid mellom søkjarar på spelemidler i kommunen og legge til rette for ein god og berekraftig anleggsutbygging.  
For 2018 var det 4 godkjende søknadar på spelemidler for Nissedal kommune, prioritert slik av Nissedal idrettsråd og Nissedal kommunestyre:  
Nærmiljøanlegg  
1. Aktivitetspark, Kyrkjebygda skule. Avslag for 2018

Ordinære anlegg:

1. Motorcrossbane, Nidelv arena, fornya søknad. Innvilga
2. Tur-og sykkelløype Treungen Åmli på Lina, fornya søknad. Innvilga
3. Skilt Tur og sykkelløype Treungen- Åmli, ny søknad. Avslag for 2018

På søknadane som fekk avslag i 2018, var søknadane i formell orden, og dei har blitt fornya for søknad i 2019.

## **Ålmenne kulturtiltak/arrangement**

Tett samarbeid med skulane om den lokale delen av Den kulturelle skulesekken (DKS). Dele ut prosjekt- og kulturmidlar med fokus på barn og unge. Enkeltarrangement.

### **Spesielle tiltak/endingar i 2018**

- Kulturarrangement i Fleirbrukshuset, ha som mål å ha 2 større kulturarrangement i tillegg til fleire små arrangement i løpet av 2018.  
Det vart arrangert ein fleirkulturell familiekveld 19. januar i samarbeid med Frivilligsentralen. Dette vart ein strålende kveld med rundt 100 frammøtte, der ein fekk flotte kulturinnslag og mykje nydeleg mat servert.  
Det vart arrangert UKM 2. mars.

- Legge til rette for arrangement for eldre og born i barnehagen gjennom å legge til rette for det og nytte midlar frå Fylkeskommunen til dette føremålet.  
Det var eit kulturarrangement i samband med eldredagen 1. oktober på Mila. Det var framsyning om O AA Vinje og det vart servert nydeleg mat. Dette var eit arrangement i samarbeid med Nissedal frivilligsentral, Nissedal eldreråd og Nissedal bygdekvinnelag. Det vart og lagt til rette for barnehageframsyningar på Fleirbrukshuset for barnehagane i kommunen.

### **Kulturvern og –samlingar**

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018

- Starte arbeidet med Kulturminneplan.  
Det vart ikkje mogleg å starte opp arbeidet med kulturminneplan i 2018 på grunn av alt for stor arbeidsmengde.
- Jobbe meir aktivt for å marknadsføre bygdebøkene kommunen har for sal.  
I brosjyra Nissedal best heile året, vart det sett inn informasjon om kor ein kan kjøpe bygdebøkene og prisar.

### **Kulturskule**

Kulturskuletimen vert lagt til rette slik at det er så lett som mogleg for den einkilde elev å møte opp. Timen vert lagt rett etter skuleslutt på tysdagar og kvar skule i kommunen får tilbodet på sin skule. Kulturskulen skal arrangere minst 2 konsertar i året der kvar elev kan vise fram kva den har jobba med. Kulturskulen arrangerer UKM i samarbeid med ungdomsklubben.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018

- Ha 2-3 konsertar i 2018, med fokus på at alle er med og alle føler meistring ved å framføre noko.  
Fredag 2. mars vart det arrangert UKM i Fleirbrukshuset. Nesten alle elevar i kulturskulen var med på arrangementet, og 5 innslag var meldt på til UKM.  
Onsdag 13. juni var det stor vårkonsert i Fleirbrukshuset, der alle elevane i kulturskulen deltok og 11. og 12. desember var det fullsette jolekonsertar i kinosalen i Fleirbrukshuset.

### **Ungdomsrådet**

Nissedal ungdomsråd er knytt til fritidsklubben, men har ikkje vore særleg aktivt i fleire år.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018

- Ungdomsrådet vert etablert og får faste møtepunkt.
- Ungdomsrådet lagar eitt arrangement i samarbeid med ungdomsklubben
- Ungdomsrådet deltek aktivt i styringa av fritidsklubben.  
Ein skulle ha starta opp ungdomsråd i 2018. Dette vart utsett på grunn av stort arbeidspress.

### **Flyktingetenesta:**

Legge til rette for ei god integrering og gjere dei nye innbyggjarane så sjølvhjelpne som mogleg, så raskt som mogleg. Dette må gjerast gjennom god planlegging og godt samarbeid mellom dei ulike tenesteytingane i kommunen. Spesielt må ein legge vekt på eit godt samarbeid med vaksenopplæringa.

### Spesielle tiltak/endingar 2018:

- Jobbe med integrering av dei tre nye familiane som kom i november 2017.  
Det har blitt jobba med integrering og samarbeid inn mot dei ulike tenesteytingane i kommune, som skule og barnehage. Det har og blitt jobba med å stimulerer til å nytte aktivitetar på kveldstid, som er ein veldig fin og effektiv måte å integrere på. Ein må jobbe aktivt vidare med dette.
- Vere med og bistå ved oppføring av 2 tomannsbustaden i sentrum.  
Dei to tomannsbustadene i sentrum er ferdige og to familiar har flytta inn.
- Jobbe for at vi har ei god integrering i kommunen  
Det er svært viktig å kontinuerleg jobbe med integrering i kommunen. Det er viktig å tenkje nytt og finne gode arenaer for dette. Frivilligsentralen er ein svært god arena for dei vaksne, idrett er ein god arena for borna. Men, vi må jobbe med å vere enno meir aktive i integreringsarbeidet.  
Det er søkt om, og innvilga, 70.000,- over 3 år til foreldrestøttande tiltak. Dette er til opplæring for tilsette og gjennomføring av foreldrerettleiingskurs for deltakarar i introduksjonsprogrammet.

### Sjukefråvær:

I 2018 har sjukefråværet i eining for kultur vore på 1,11%. Det er relativt jamn fordeling på korttids-og langtidsfråvær. Ved fråvær kan det vere svært vanskeleg å rekruttere vikarar til kultur, då det er til dømes få instrumental-lærarar å ta av. Det er og vanskeleg med tanke på ugunstig arbeidstid, som fredagar og laurdagar.

### HMS Internkontroll:

Det vart gjennomført vernerunde saman med skule 22. mars. Det mest alvorlege avviket på runda var mangel på universell utforming på skule og Fleirbrukshus. Dette gjekk på merking visuelt, som å merke kva funksjon kvart rom har, og merking av trappeneser og fare ved trapper. Tiltak for å rette opp dette vart gjort før skulestart 2018 og er utført.

Elles var det ingen store avvik i vernerunda som hadde økonomiske utfordringar.

Det som vart påpekt er retta opp av teknisk.

Det er manglar på ROS-analyser i kultur, dette bør det gjerast noko med i 2019.

ROS-analyser som omhandlar bygg og brann er i orden, og det har vi saman med skule.

Til saman har eining for kultur hatt eit mindreforbruk i 2018 på

Det er ingen postar som skiljer seg ut med store meir, eller mindreforbruk. Det er brukt 99,7% av det totale budsjettet på 7.317.000. Det vil sei eit mindreforbruk på 61.000,-.

## 13.9 Eining for helse og habilitering

### Kommuneplanen sine mål:

**Nissedal kommune har tryggje helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.**

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheimplassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.

### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om sosiale tenester  
Helsepersonelloven  
Folkehelseloven  
Pasient og brukarrettighetsloven  
Kommunehelselova

### Vidareføring av etablert drift:

#### Heile eininga

Eininga gjev helse og omsorgstenester etter kommunehelselova til innbyggjarane i Nissedal kommune.

#### Spesielle tiltak/endingar for 2018

- Revidere og utarbeide planar som er beskrive i planstrategi for Nissedal kommune

#### Tenester for funksjonshemma

Tenestene er organisert i Kåsa bu og avlasting (Kåsa). Det er 7 personar som bur i eigne bustader knytt til Kåsa. I tillegg gjev Kåsa tenester til 2 brukarar som bur i eigen bustad i Treungen. Brukarane på Kåsa er psykisk og fysisk utviklingshemma og har store bistandsbehov. Alle tenester vert ytt etter enkeltvedtak.

I tillegg til tenestene i Kåsa sørgjer eininga for at dei som har behov for det, får støttekontakt. Hausten 2017 er det 5 brukarar som har støttekontakt. Behovet for tenestene varierer gjennom året.

#### Spesielle tiltak/endingar for 2018

- Stilling som teamleiar er gjort om til ein fagutviklingsfunksjon som startar opp i januar 2018. 2018 blir eit år då me vil etablere denne funksjon i nye arbeidsplanar og driftsprosedyrar.

Arbeidet med å tilsette fagutviklar i Kåsa har ikkje lukkast. Eininga har difor oppretta avdelingsleiarstillinga (tidlegare teamleiar) på nytt og tilsett avdelingsleiar frå 13.8.18.

- Vurdere ein meir funksjonell og sjølvbetjent heis i bassenget etter drøfting med råd for funksjonshemma.  
Utsett til 2019. Årsaken til dette er at det er kome nye brukarar og det er viktig å kunne ha ein heis som kan nyttast av ulike brukargrupper.  
Eininga har starta arbeidet med kartlegging, vurdering og ser på leverandøravtalar.
- Eininga har søkt på Frisklivsmidlar frå fylket og har fått tildela kr 30.000 til vidareutvikling av frisklivstilbodet i kommunen.
- Eininga har saman med eininga for omsorg søkt på kompetanse og innovasjonsmidlar frå fylket og fått tildela kr 265.000.  
Einingsleiar for helse og habilitering og to avdelingsleiarar frå omsorg byrja på helseleiar-utdanning hausten 2018. Ein vernepleiar tilsett i eininga tek vidareutdanning i "Konflikthandring".
- Arbeidet med "Bustadsosial handlingsplan" er utsett på grunn av vakanse i ulike einingar som må bistå i planarbeidet. Oppstart januar 2019.
- Eininga er i snart i mål med å utarbeide framlegg til "Habiliterings- og rehabiliteringsplan for Nissedal kommune", utsett til våren 2019.

### **Mila aktivitetssenter**

Mila aktivitetssenter organiserer dag-aktivitetar til personar med psykisk utviklingshemming. . Det er også eit lågterskel-tilbod til personar med psykisk sjukdom. Mila har 1,1 årsverk fordelt på 2 personar.

### **Spesielle tiltak/endingar for 2018**

- Søke prosjektmidlar for å utvikle uteområda på Mila til fysisk aktivitet tilrettelagd for eksisterande og nye brukargrupper. Arbeidet er i gong som eit samarbeid med prosjektet «Arbeid mot rus».
- Eininga har ikkje lukkast med å finne aktuelle midlar å søkje på i 2018. Eininga vil til ein kvar tid vere oppmerksom på midlar ein kan søkje på, som kan vere relevant til dette prosjektet.

### **Helseavdelinga**

Dei kommunale helsetenestene etter kommunehelselova er organisert slik:

Legekontor: Legekontoret er bemanna med 2 legar, turnuskandidat, sjukepleiar og helsesekretær. Kontoret har ein avdelingsleiar-ressurs i 40% som også er leiar for resten av helseavdelinga.

Jordmorteneste: Jordmortenesta 25% stilling. Tenesta fylgjer opp alle gravide før og etter fødsel.

Fysioterapitenester: Nissedal kommune har til saman 180% fysioterapistilling. 80% er på driftsavtale og 100% er fast tilsett i kommunen

Den kommunale fysioterapeuten har omsorgspermisjon i 20% stilling frå august til desember 2018. Eininga har søkt tilskot til eit habilitering og rehabiliterings prosjekt i kommunen og fått eit tilskot frå fylket på kr 400.000. Eininga har tilsett ein fysioterapeut i eit års vikariat der stillinga består av: 20% fysioterapi, 40% i prosjektarbeid (habilitering og rehabiliterings prosjekt) og 40% avdelingsleiar helse.

Hausten 2018 har tenesta hatt eit stort auke i tenestane knytt opp til direkte tenesteutøving til born med habiliterings utfordringar. Fysioterapeuten har hatt ei stor og sentral rolle i denne tenesteutøvinga og etter avtale med fylke har vi måtte stoppe dette prosjektet hausten 2018 og fått godkjent av fylke å overføre midlane til 2019. Eininga starter opp att med prosjektet januar 2019.

Helsestasjon: Nissedal kommune har helsesystemer i 100% stilling. Helsesystemer har ansvar for skulehelsetenesta og helsetenester til barn og ungdom.

Friskliv: Nissedal kommune jobbar aktivt med friskliv. Det er ingen fast tilsette som arbeider bare med dette, men kommunefysioterapeuten har eit overordna ansvar for aktivitetane.

Tenester innanfor psykiatri barn og vaksne: Tenesta har 160% stilling fordelt på to tilsette. Dei gir tenester til vaksne og barn som trenger oppfølging i kortare eller lengre periodar.

#### Spesielle tiltak/endingar for 2018

- Fullføre folkehelseplan som er påbegynt i 2017.  
Planen er ikkje påbyrja. Utsett til 2019.
- Drive prosjektet Arbeid mot rus.  
Psykisk helse har ansvaret for dette prosjektet. Psykisk helse samarbeider med ulike einingar i kommunen og finn tilrettelagte oppgåver rusprosjektet kan arbeide med. Det er fleire brukarar som nyttar seg av dette tilbodet. Det er eit flott prosjekt som gjer til at fleire får meningsfylte kvardagar. Kommunen har fått kr 550.000 i tilskot til dette prosjektet i 2018.
- Særleg fokus på fysisk aktivitet for eldre.  
Fysioterapeuten har Seniortrim kvar veke i Fleirbrukshuset og organiserer og legg til rette for ulike turar. Samarbeider også med frivillighetssentralen.  
Det er stor oppslutnad kring dei ulike aktivitetane.

#### Kompetanseutvikling:

Eining for helse og habilitering er tilført kr 70.000 i interne opplæringsmidlar. Desse skal nyttast til obligatoriske kurs for kommuneoverlegen og opplæring av leiarane i eininga. Eininga har gjennomført medikamenthandteringskurs for alle tilsette på Kåsa.

#### Sjukefråvær:

Sjukefråværet for 2018 i eininga: 1.68%. Dette er fordela på 1,22% kortidsfråvær og 0,46% langtidsfråvær. Dette er gode tal for eininga.

#### HMS Internkontroll:

Det er gjennomført vernerunde i eininga i 2018. Tiltak som vart påpeika er utbedra.

## 13.11 Eining for omsorg

### Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune har tryggje helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheimplassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.
- Kommunen skal vere førebudd på nye oppgåver som ein konsekvens av den store satsinga på hyttebygging og auka tal på innbyggjarar i store delar av året.

### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om helse- og omsorgstenester  
 Pasient- og brukarrettighetsolva  
 Helsepersonellova  
 Norm for informasjonssikkerhet  
 Kvalitetsforskriften for pleie og omsorg  
 Demensplan 2015

### Vidareføring av etablert drift:

#### Heile eininga

Eining for omsorg utfører tenestene i samsvar med kvalitetsforskrifta, som sikrar den einskilde brukar å vere med å bestemme korleis den daglege tenesta skal utførast.

Einingsleiar avslutta sitt arbeidsforhold i kommunen 30.04.18. Avdelingsleiarane i eininga fekk i ein periode eit mellombels utvida leiaransvar, slik at dagleg drift vart vidareført på ein god måte. Ny einingsleiar blei tilsett og byrja i stillinga 1. oktober. Fråværet av einingsleiar i delar av året og skifte av einingsleiar har påverka framdrifta/arbeidet i høve til fleire av enkelttiltaka i handlingsprogrammet.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018

- Ny ressursbank tilpassas driftas behov  
 Ny turnus er utarbeidd/innført og tilsette som er i overtal i høve til denne turnusen er overført vikar-poolen. Det vil truleg gå litt uti 2019 før alle tilsette er overført til ordinær turnus. Ein har nå tilnærma samsvar mellom ordinær bemanning og økonomisk ramme. .
- Utrede løysinger for dagtilbud for demens (jfr demensplan 2020)  
 Ikkje arbeidd med så langt og vil ikkje bli prioritert i år.
- Vidareføre ordninga med aktivitetssvenn (AV)  
 Arbeidast med kontinuerleg. Utdringa her er å finne frivillige som vil gå inn som aktivitetssvenn. Målgruppa for ordninga er personar med demens.
- Fortsette arbeide for å halde sjukefråveret for heile eininga på 7% eller lågare  
 Fråværet for heile årer var 7,87%. Det er ikkje gjort spesielle tiltak i høve til førebygging av fråvær.
- Styrke avdelingsleiarne kompetanse  
 2 avdelingsleiarar byrjar på masterstudie i leiing (BI) i september.

- Utrede behov for omsorgsbustader, og alternative løysinger innen for bu og aktivitetstilbod  
Arbeidet satt i bero til det er gjort ei politisk avklaring kring bygging av nye omsorgsbustader. Utreiing av alternativer til ei slik sak er ikkje blitt arbeid med. Vil bli ei prioritert oppgåve for ny einingsleiar i 2019.
- Implementering av mobil omsorg som EPJ system og som plattform for velferdsteknologi  
Mobil omsorg er teken i bruk, men og er ennå i ein oppstartfase. Personell treng meir opplæring og erfaring, m.a. har ein hospitert hjå Drangedal kommune i haust. Nettbrett blei teken i bruk til ferieavviklinga og arbeidslistene er oppdatert på nettbrett.
- Utrede behov og iverksetting av alternative velferdsteknologiske tilbod, og delta i Vest – Telemark samarbeidet på området  
Arbeidet er stoppa opp for Nissedal sin del og må takast opp att i 2019.
- Føre vidare ordninga med interkommunal pårørandeskule for pårørande til personar med demens i eit samarbeid med Vest-Telemark kommunane  
Dette er eit lovpålagt arbeid som blir utført i samarbeid med Fyresdal, Kviteseid og Seljord. I september blir det gjennomført pårørandeskule i Fyresdal.
- Ny rehabilitering- og habiliteringsplan slutføres i samarbeid med helse  
Utarbeiding av planen er nærast slutført, men på bakgrunn av vakansar i ulike stillingar er arbeidet blitt forsinka. Når ein nå har fått gjort tilsetjingar i sentrale stillingar i høve til arbeidet med denne planen, vil slutføring av denne planen bli prioritert i 2019.
- Prosjekt "opne dørær, glede i veggane" videreførast, med fokus på kommunikasjon og endrings – og sosialkompetanse, dette for å styrke tilsettes utfordringar i en arbeids kvardag med stadige endringar og nye krav  
Arbeidsmiljøet blir ivaretatt på kvar avdeling.
- Utrede mulighet for å drifte eigen KAD seng ved Nos  
Arbeidet er sett i bero. Takast opp att i 2019.
- Innføre elektronisk arkivering av pasient dokumentasjon (NOARK)  
Dette var på plass frå 01.01.

### **Administrasjon/tenestekontor:**

Tenestekontoret sakshandsamar alle søknader om omsorgstenester, tryggleiksalarmar og hjelpemidlar. Det er omlag 180 aktive brukarar som har hjelpemiddel frå NAV hjelpemiddelsentral. Vidare syter tenestekontoret for ein del interne system og rutinar, spesielt innanfor datasikkerhet og personvern, internopplæring, kvalitetssikring og avvikshandtering.

### **Spesielle tiltak/endingar i 2018**

- I 2018 vert dagens bemanning på 2,0 årsverk på tenestekontoret vidareført  
Ein av dei tilsette slutta før sommaren. Tilsetjing i stillinga blei gjort, med oppstart i august.
- Nav hjelpemiddelsentral krev at kommunane overtek meir og meir av oppfylgingsansvaret i høve til hjelpemiddel som brukarar har fått i heim, skule, på arbeidsplass og til fritidsaktivitetar. Dette er eit ressurskrevjande arbeid og krev årleg oppdatering/kurs og tett samarbeid med hjelpemiddelsentralen. Tenestene er på tvers av einingar, kursa tærer på eining for omsorg sitt kurs budsjett, dette bør tas høgde for ved prioriteringar.  
Tilsette ved tenestekontoret har delteke i kurs om dette. I løpet av september vil og personell frå teknisk eining har gjennomført opplæring/kurs i bruk av hjelpemiddel. Det er og tilbod til personell i skule/SFO om opplæring kring dette.

### **Institusjonstenester :**

Institusjonstenestene er organisert i 2 avdelingar. Somatisk avdeling har 14 plassar for avlastning, korttids - og langtidsopphald (av desse er det 1 plass til akutt beredskap, 1 avlastningsplass med rullerande opphald og 2 korttids plassar). Skjerma avdeling har 6 plassar for personar med demens. Plass tildelast etter eigne kriterier. Opphald i institusjon har individuelt vedtak, med målsetjing om behandling, rehabilitering og aktivitet.

I tillegg til pasientar frå eigen kommune kan Nissedal kommune også gje institusjonsplass til personar frå andre kommunar, både gjennom samarbeidsavtale i Vest-Telemark, og etter behov frå andre kommunar. Dette under føresetnad av at eigne innbyggjarar sin rett til omsorgstenester kan imøtekomast og at det ikkje gjev meirkostnadar for eininga.

### **Spesielle tiltak/endingar i 2018**

- Vidareføre middagsservering kl. 15.30 på kvardagar  
Dette starta opp i mai 2017 og erfaringane med dette er svært positive. Omlegginga var uproblematisk. Endring av tidspunkt av middag har gjort til at det nå er innført eit nytt måltid (lunsj kl. 12.30).
- Vidareføre prosjekt med fokus på forflytning i høve til HMS og førebygging av sjukefråvær  
Satt i bero.
- Fokus på internundervisning og oppdatering for å heve det faglege nivået hos alle yrkesgrupper  
E-læringskurs tatt i bruk. M.a. er tema på desse kursa: medikamenthandtering, ernæring, HLR, palliasjon.
- Arbeide med å implementere kartleggingsverktøy for ernæringsstatus på alle bebuarar  
Tatt i bruk.
- Gjennomføre vergekurs for alle tilsette ved skjerma avdeling  
Ikkje gjennomført. Må takast opp att i 2019.
- Vurdere drift av eigen KAD plass  
Satt i bero.

### **Heimebaserte tenester:**

Heimebaserte tenester omfattar heimesjukepleie og heimehjelp. Etter vedtak gjevast det tenester i heimen slik at personar kan bu heime etter eige ønskje. Tenestene omfattar også utrykking og evt oppfølging dersom tryggleiksalarmar vert utløyst. Hausten 2017 er det 28 personar som har tryggleiksalarm. Heimebaserte tenester må kontinuerleg tilpassast variasjon i tenestebehov, talet på pasientar og reiseavstand, men slik at alle personar får den hjelpa dei har krav på. Hausten 2017 er det 64 personar som er tildelt ulike heimetenester og 45 personar som får praktisk bistand i heimen (heimehjelp)

Det er aukande behov for tenester blant heimebuande eldre under 80 år. Dette handlar om samhandlingsreforma og konsekvensen av den: at pasientar vert tidlegare utskrive frå sjukehus og kjem fortare heim.

### **Spesielle tiltak/endingar i 2018**

- Fokus på internundervisning og oppdatering for å heve det faglege nivået hos alle yrkesgrupper  
Sjå punkt under institusjonstenester.
- Arbeide med å implementere kartleggingsverktøy for ernæringsstatus  
Sjå punkt under institusjonstenester.

**Serviceavdelinga:**

Reinhold, vaskeri og kjøkken knytt til omsorgstenestene er organisert i eiga serviceavdeling. Kjøkkenet har også sal og administrering av utkøring av middag til heimebuande (etter vedtak). Hausten 2017 er det 20 personar som får køyrd middag heim. Dette er ikkje eit lovpålagd tilbod, men er svært viktig m.t.p å førebyggje underernæring hos personar som bur heime.

**Kompetanseutvikling:**

2 avdelingsleiarar har delteke på 4-dager kurs i høve til funksjon som superbruker/systemansvarleg på GAT. 3 avd. på leiarkurs. BI-kurs på 2 avd.leiar.

**Sjukefråvær:**

Eininga hadde i 2018 eit sjukefråvær på 8%. Dette var fordelt på 1,21% kortidsfråvær og 6,79% på langtidsfråvær.

## 13.11 Eining for teknisk drift

### Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune skal dekkje behovet for tekniske tenester og halde ein forsvarleg miljøprofil.

- Alle som er knytt til offentleg vassforsyning får nok, godt og reint vatn til vanleg hushald utan driftsavbrot.
- Kommunen tar hand om avløpsvatn, slik at det ikkje oppstår miljøskade og sjenerande tilhøve.
- Kommunale renovasjonstenester skal vere av god og tidsriktig kvalitet og ta omsyn til det ytre miljøet.
- Kommunen har gode og trafikksikre kommunale vegar, både sommar og vinter.
- Kommunen sikrar i samarbeid med Statens vegvesen gode og trafikksikre tilkomstar til/frå fylkeskommunalt/staleg vegnett.
- Dei mjuke trafikantane ivaretakast særskilt, jf. Trafikksikringsplan.
- Kommunen legg til rette for tomter til bustader og næringsbygg etter behov.
- I Nissedal kommune er det trygt å bu der fortløpande arbeid med samfunnstryggleik og beredskap førebyggjer krisesituasjonar. Kriser løysast på lågast mogeleg nivå i samarbeid med dei kommunale einingane, brannvern, helsetenester og samordning med eksterne instansar som politi, sjukehus, sivilforsvar, bedrifter og frivillige organisasjonar.
- Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS) er ein del av kommunen sitt HMS-arbeid og internkontroll.

### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Plan for kriseleiing og beredskap

Handlingsplan for trafikksikring 2015-2016

Klima- og energiplan for Nissedal kommune 2010-2015

Drikkevassforskrifta

Forureiningsforskrifta

### Vidareføring av etablert drift:

#### Heile eininga

Tekniske tenester omfattar både interne tenester i organisasjonen og diverse tenesteyting ut mot publikum. Dei viktigaste tenestene er nemnd under.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018

- Utgreie vedlikehaldsbehov ved kommunehuset, inkl. universell utforming.  
Ein har ikkje hatt nok ressursar til å gjennomføre ei slik utgreiing i 2018.

Det er tilsett ny einingsleiar på i eininga. Kristin Kyrkjerud Vaa er tilsett og starta i stillinga 18.06.2018. Det er tilsett ny avdelingsleiar på bygg, eigedom og veg Pål Øyvind Bratteklev starta i stillinga 08.08.2018

### **Utleigebustader**

Kommunen har totalt 32 utleigebustader, der 19 tildelast etter Lov om helse og omsorgstenester (av tenestekontoret i eining for omsorg), og resten tildelast etter gjeldande reglement av eining for teknisk drift. Alle utleigebustader skal haldast i slik stand at dei er attraktive å bu i.

Bustader som tildelast av eining for teknisk drift skal leigast ut etter gjeldande reglement, og det er eit mål at alle bustadene er leigd ut til ei kvar tid.

### **Spesielle tiltak/endingar i 2018**

- **Utbetne vasskadar i 2 kjellarleilegheiter i Oddane**  
Det er drenert rundt bygget på nytt høsten 2018, det er mye vatn rundt boligen og ein vil avvente til vår/sommar 2019 med å starte oppussing på bakgrunn av at ein vil sjå om dreneringa er tilfredstillande. Det kan også vere at ein tilrår å ikkje nytte leilighetane til boligformål dersom ein ser at dreneringstiltak ikkje klarer å halde vatnet ut. Det er satt av 750 000,- til oppussing av bustaden.
- **Fullføre oppføring 4 bueningar for flyktingtenesta.**  
Det er usikkerhet knytt til opparbeiding av uteområdet rundt begge husa. Teknisk må gå gjennom kontrakt med utbyggar for å sjå om denne delen ikkje er levert eller ikkje tatt med i kontrakten. Det er att 140 000,- på investerings budsjettet som vil bli nytta til formålet om ein ser at dette ikkje ligg i kontrakten.

### **Bygg der det gjevast kommunale tenester (skular, barnehagar, inst., kommunehus...)**

Eining for teknisk drift har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald (fdv) av alle kommunale bygg. Vernerundar og bygningsteknisk internkontroll skal syte for at alle bygg er i forskriftsmessig stand. God dialog med brukarane av kvart bygg skal syte for at bygningssmassa er tilpassa dei behov brukarane har, innanfor den til ei kvar tid gjeldande økonomiske ramme.

### **Spesielle tiltak/endingar i 2018**

- **Ny tekking av tak på kommunehuset.**  
Gjennomført hausten 2018
- **Tekking av tak på murbygget på Tveit skule**  
Gjennomført hausten 2018
- **Kyrkiebygda oppvekstsenter**  
Barnehagedelen vart ferdig sommaren 2018. Ein har jobba heile hausten med skuledelen. Ein har innhenta tilbod, desse var langt over budsjett. Ein arbeider med å lage nye teikningar med arkitekt, og vil forhandle med tilbydarar om ny pris iht. nye teikningar.

### **Andre bygg (NSB-eigedom..)**

Kommunen eig ein del bygningsmasse av kulturell og historisk verdi. Nokon av bygga vert leigd ut til næringsverksemd, nokon nyttast til lager og andre står ubruka. Utfordringa med dei fleste er at dei er dårleg vedlikehalde og står i fare for å miste sin verdi. Utvendig vedlikehald må prioriterast for å sikre bygga.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018

Ein ser at det er eit sterkt behov for meir vedlikehald på bygningen. Vindauga er svært dårlege og bør bytast – estimert kostnad er 500 000,-. Eining for teknisk drift vil sjå om det finnast midlertidige løysingar for å hindre meir skade inni bygget i form av fukt. Det vil ikkje bli sett i verk oppussing innvendig i lokala før ein er sikker på at fuktighet ikkje trekk inn i bygget.

### **Grøntanlegg**

Kommunen har grønntanlegg både knytt til bygningsmasse, parkområde og idrettsanlegg. Alle kommunale grønntanlegg skal stå fram som presentable og i stand til å tene det føremål dei er etablert for.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018

Vanleg drift.

Treungen Idrettslag har bedt om bistand frå kommunen i forhold til problem med mykje løvetann på grasbanen. Kommunen vil sjå på saka i 2019.

### **Vegar og plassar**

Kommunen har 24,5 rapportert 26,4 til kostra km med kommunal vegar. I tillegg syter kommunen for sommar-renovasjon på ein del rasteplassar langs riks- og fylkesvegar. Dei kommunale vegane skal ha normal vegstandard både sommar og vinter. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av private vegar etter eigne retningsliner.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018

- Fullføre revidering av reglement i høve til kommunale/private vegar.  
Ikkje gjort i 2018 på grunn av bemanningssituasjonen på teknisk eining.
- Utbetre erosjonsskadar på 3 kommunale bruer/kulvertar i Kåsa/Solli og 1 bru på Kleivvegen.  
Ikkje gjennomført i 2018. Teknisk vil ta tak i saka i 2019.
- Asfaltere Kleiv-vegen  
Jobben er lagt ut på anbod i veke 34.

### **Fjoneferja**

Kommunen driv Fjoneferja gjennom driftsavtale med driftsoperatør. Driftsavtala omfattar også leige av serveringsstaden på Fjonesida av ferjesambandet.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018

Kommunestyret vedtok å prøve ut heilårsdrift av Fjoneferja frå 01.01.18. Fjoneferja har vært i drift heile 2018.

### **Kommunale bustadtomter**

Kommunen har pr. nov. -17, ledige tomter (byggeklare) i Tveitsund bustadfelt (6 stk) og i Kåsa-Solli (9 stk.).

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018

- Utgreiie utbygging av kommunalt bustadfelt på Damkollen etter at tomtedelingsplan er utarbeidd.  
Tomtene er klare for å bli lagt ut for tinging av tomt.

### **Brann og ulykkeberedskap**

Nissedal kommune er med i Vest-Telemark brannvernsamarbeid IKS. Dei er lokalisert i Høydalsmo og har ansvaret for tilsyn, feiing og det faglege ansvaret for brann- og ulykkeberedskap. Kommunen har framleis ansvar for lokalt brannvesen med 16 deltids brannmannskap.

#### **Spesielle tiltak/endingar i 2018**

- Fullføre påbyrja vidareutdanning av 4 utrykkingsleiarar.  
Gjennomført 2018
- Avslutte sak om pålegg frå arbeidstilsynet. Kan medføre flytting av brannstasjonen.  
Ikkje gjennomført i 2018. Det jobbast med å sjå på ulike løysingar, men ein er sikker på at ein må syte for at ein får ein stasjon som tilfredsstillar dagens krav. Teknisk vil leggje fram ei eiga sak når ein har sett på ulike løysingar.

### **Vatn og avlaupsanlegg**

Kommunen har ca.1250 vatn-abonnentar og 1.600 kloakk-abonnentar som får levert tenester gjennom ein stor infrastruktur rundt i heile kommunen. Gjennom gode rutinar for drift og internkontroll skal kommunen sikre eksisterande abonnentar god kvalitet på drikkevatt og sikre miljøet mot utslepp av kloakk. Nissedal kommune her frå juni 2015 vertskommune for drift av felles VA-anlegg for Gautefallheia med Drangedal kommune. Med grunnlag i samfunnsøkonomi, miljøomsyn og næringspolitikk skal kommunen satse aktivt for å auke talet på abonnentar, primært gjennom samarbeid med hyttevellig, utbyggingsinteresser og grunneigarar.

#### **Spesielle tiltak/endingar i 2018**

- Arbeide aktivt med å skaffe nye abonnentar, spesielt knytta til overtaking av private vassverk på Kyrkjebygdheia og Gautefallheia.  
Arbeidet med nye abonnentar har gått føre seg heile 2018. Kommunen overtok Bjønntjønn vassverk med 125 abonnentar 01.01.18. I februar vedtok kommunestyret å bygge ut kommunal vassforsyning til Kyrkjebygdheia. Dette vil gje ca. 400 ny abonnentar frå årsskifte 2019/2020 og på litt sikt betydeleg fleire.
- Registrere og utarbeide leidningskartverk for vass og avløpsnettet.  
Ikkje gjennomført i 2018.
- Utvide driftsovervakingsystemet til å omfatte alle kloakkpumpestasjonane.  
Gjennomført iht. plan – 7 nye stasjonar er bestilt.
- Utgreie/igangsette bygging av nye hovudleidningar for vatn og avløp mellom Ånundsbuoddane og Kyrkjebygda.  
Anbudet er sendt ut og tilbod vil komme inn i slutten av januar 2019.
- Drangedal kommune ynskjer å starte byggetrinn 4 i Gautefall VA som gjeld omlegging av leidningsnett frå Gautefall hotell og ned til Gautefall RA. Kostnad for Nissedal kommune omlag 4 millionar.  
Anbud er sendt ut og tilbod vil komme inn i begynnelsen av 2019.

Ny avdelingsleiar på vatn og avløp. Ben David Berås er tilsett som avdelingsleiar VA og starta i jobben 01.12.2018.

#### **Politiske vedtak etter budsjettvedtak - oppfølging:**

I sak 2/18 vedtok kommunestyret at hyttefelt på Kyrkjebygdheia skal få kommunal vassforsyning. Prosjektet har ei kostnadsramme på omlag 35 millionar og vil vere ferdigstilt hausten 2019. Del er inndelt i fleire byggetrinn og 1 byggetrinn som er hovudleidningar frå Nisser ved Nissedal kyrkje og opp til Stemtjønn er starta opp.

#### **Kompetanseutvikling:**

Alle opplæringsmidlane blir nytta til opplæring av brannmannskap.

## 13.12 Interkommunalt plankontor

### Kommuneplanen sine mål:

#### All arealbruk skal støtte opp om, og utvikle gode bumiljø og arbeidsplassar.

- Kommunens planverktøy skal til ei kvar tid vere oppdatert.
- Kommunen skal dekke etterspurnad av aktuell kartfesta informasjon.
- Alle byggesaker skal behandlast innanfor kva lova set som maksimal frist.
- Kommunens hovudmål om folketalsvekst skal aktivt understøttast ved planlegging av gode bumiljø.
- Vidare bygging av fritidsbustader skal ha miljøperspektiv der nøkternhet i storleik og energi- og ressursbruk er berande element.
- Plantiltak som kan gje varige arbeidsplassar innan kompetanse og service skal prioriterast.
- Tryggleik og beredskap skal leggest til grunn i arealplanlegginga.

### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for plankontoret:

Plan og bygningslova  
 Naturmangfaldslova  
 Matrikkellova  
 Eigarseksjoneringslova  
 Forureiningslova  
 Kommuneplan, spesielt arealdelen  
 Kommunedelplanar  
 Reguleringsplanar

### Vidareføring av etablert drift:

#### Heile plankontoret

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. Plankontoret har for 2018 budsjettert med 5,45 årsverk. Drifta skal vere slik at målsetjinga om 100 % dekningsgrad for tenestene i størst mogleg grad blir oppfylt.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018

#### Administrasjon og plan:

Arbeidsfelt: Kommuneplanar, reguleringsplanar, digitalt planregister, dispensasjonar frå plan, klagesaker, budsjett, fakturering, post, arkiv. Budsjetterte årsverk 2018: 1,20.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2018:

- Aktiv bruk av heimesidene til kommunen ved at dei til ei kvar tid er oppdaterte.  
*Heimesidene er stadig blitt oppdaterte.*
- Vidareutvikle det digitale planregisteret, ajourhald av planar etter endingar.  
*Planregisteret for kommunen er ferdigstilt. Fleire planar med tidlegare endingar er blitt ajourførte. Arbeidet med dette vil halde fram.*
- Rullere kommuneplanens arealdel.  
*Arbeidet er ikkje starta opp fordi det fyrst må godkjennast eit planprogram. Dette planprogrammet skal også omfatte samfunnsdelen. Planprosessen blir difor styrt direkte av rådmannen.*

- **Oppstart revisjon av reguleringsplanen *Treungen nord*.**  
Det er sendt oppstartsvarsel til regionale og statlege faginnstansar og til røde innbyggjarar, med innspelsfrist 01.12.18. Det er sett ned ei arbeidsgruppe leia av ordføraren for å arbeide med planrevisjonen.
- **Oppstart revisjon av reguleringsplanen *Framnes øvre*.**  
Det er sendt oppstartsvarsel til regionale og statlege faginnstansar og til røde innbyggjarar, med innspelsfrist 01.12.18.
- **Fullføre adressering/skilting i heile kommunen.**  
Adresseringa er på det næraste fullført. Det er gjort avtale med Felle idrettslag, Nissedal idrettslag og foreldregruppa for Polenturen om skiltoppsetting i heile kommunen. Felleområdet er ferdig skilta. Arbeidet er så godt som ferdig i dei andre delane av kommunen. Skiltinga langs riks- og fylkesvegane som Statens vegvesen har ansvaret for, står derimot igjen.

### **Kart og oppmåling:**

Arbeidsfelt: Kartgrunnlaget og oppmåling etter matrikkellova. Budsjetterte årsverk 2018: 2,45.

#### **Spesielle tiltak/endringar i 2018**

- **Ny FKB-C-kartlegging av spreiddbygd areal (Geovekstprosjekt)**  
Flyfotografering skjedd 15.mai.
- **Internsal, innmåling av v/a-nett.**  
Det er målt inn privat v/a-nett på Kyrkjebygdheia og noko kommunalt nett i Framnes.
- **Utarbeide tomtedelingsplanar for private.**  
Det er utarbeidd tomtedelingsplan for resten av Hellebrotet (8 tomter på g/bnr 12/4). Reguleringsplanen for Kyrjtjønn er revidert (plankartet), godkjent i k-styret 19.04.18. Det er bestilt tomtedelingsplan for området Buvatn under g/bnr 14/1, og arbeidet med denne er i gang.

### **Byggesaksbehandling:**

Arbeidsfelt: Byggesaksbehandling og utsleppssøknader.  
Budsjetterte årsverk 2018: 1,80.

#### **Spesielle tiltak/endringar i 2018**

- **Kontroll av eventuelle avløpsutslepp i felt der det ikkje er lov med innlagt vatn, felt der kommunen kan tilby tilkopling til kommunalt nett blir prioritert.**  
Feltet Øverlandsheia II er kontrollert. Det er avdekt fleire ulovlege tiltak. Dette vil bli fylgd opp med pålegg om retting.
- **Oppfølging og kontroll av gjevne utsleppsløyve for avløpsvatn.**  
Dette er ikkje utført slike kontrollar i 2018.
- **Internt sal av tenester til eigedomsskatteprosjektet (taksering av alle nye skatteobjekt).**  
Plankontoret har taksert nye bygningar. Det er internfakturert eigedomsskatteprosjektet for 213,00 timar i 2018.

#### **Sjukefråvær:**

Samla sjukefråvær, alt som korttidsfråvær, har vore svært lågt, registrert til 1,02 %.

#### **HMS Internkontroll:**

Tidlegare gjennomført vernerunde har ikkje vist behov for tiltak/endringar i arbeidsmiljøet.

#### **Kompetanseutvikling:**

Ein av oppmålingsingeniørane har i løpet av året fullført kurset Tingsrett (30 studiepoeng).

